


Kulturminner

Nordhordland



Registreringsrapport
Nr. 14
Lindåsprsjektet
NAVF

Byggeskikk i Nordhordland

Fylkeskonservatoren
i Hordaland



Foto forside: Bogatunet, Radøy.

BYGGESKIKK I NORDHORDLAND

Utvikling av bustadhus
på 1700 og 1800 talet.

Registreringsrapport utarbeidd ved
Anders Kåre Engevik og Jan Henrik Munksgaard.

Redaksjon: Nils Georg Brekke

- 1.0 INNLEIING. Anders Kåre Engevik og Jan Henrik Munksgaard
- 2.0 RØYKSTOVER. Anders Kåre Engevik
- 3.0 STOVER MED TOROMSPLAN. Anders Kåre Engevik
- 4.0 SAMANBYGDE HUS. Anders Kåre Engevik
- 5.0 BYGDEEMPIREN. LEMSTOVER MED MIDTGANG. Jan Henrik Munksgaard
- 6.0 SVEITSERSTILEN. Jan Henrik Munksgaard
- 7.0 BRUKSBYGNINGAR, BYGGEMATERIALAR OG KONSTRUKSJONSMÅTAR. Anders Kåre Engevik
- 7.1 TRE
- 7.2 STEIN
- 7.3 BRAKEKLEDNING

Forord

Denne registreringsrapporten bygger i hovudsak på materiale som er samla inn gjennom feltarbeid i tidsrommet 1970—73, dels i samarbeid med Lindåsprosjektet, NAVF, dels innanfor ramma av registrering av faste kulturminner i Norge ved Norsk kulturråd.

Arbeidet er utført ved Jan Henrik Munksgaard og Anders Kåre Engevik under fagleg leining av fylkeskonservatoren i Hordaland, basert på registreringsgrupper av studentar i kunst- og kulturhistoriske fag. Det meste av registreringsarbeidet har vore utført i Lindås og Austrheim kommunar, men det har også vore registrert i Radøy, Fedje og Masfjorden kommunar, for å få eit representativt bilete av byggeskikken i området. Under handsaminga av materialet har også skriftlege kjelder og eldre registreringsmateriale i arkivet ved Historisk museum vore nytta, m.a. oppteikningane etter Johs. Litleskare.

Siktemålet med denne rapporten er å få eit oversyn over faste kulturminner i Nordhordland, som grunnlag for eit historisk kapittel i regionplanen for området, og samstundes gjennom det tverrfaglege samarbeidet i Lindåsprosjektst å få fram materiale om bygningar og busetnadsstrukturar, med nærare klarlegging av dei faktorane som har danna føresetnadene for utforming av det fysiske miljø.

Registreringsarbeidet har vore avgrensa til dei fem kommunane som går inn i regionplanen. Denne rapporten som gjev eit historisk og typologisk oversyn over hovudtrekk i byggeskikken i Nordhordland, skal etter planen danna bakgrunn for eit delhefte for kvar kommune, med oversyn over verneverdige kulturminner i kommunen. Kvant slikt delhefte vil kunna danna eit fast vedlegg til generalplanen, og gje grunnlag for prioritering av aktuelle vernetiltak.

Det er også vårt mål at dette heftet skal presentera eit historisk materiale på ein slik måte at det kan tena pedagogiske føremål som litteratur i orienteringsfag, og ikkje minst at rapporten kan gå inn i det ålmenne folkeopplysningsarbeidet, og nå fram til den interesserte lesar som ei handbok i aktuell kulturhistorie.

Bergen, august 1975

Nils Georg Brekke
fylkeskonservator

1.0 Innleiing

Dette heftet er eit forsøk på å gje ei generell framstilling av utviklinga av bustadhusa i Nordhordland fram til omlag 1930 med vekt på stadeigen byggeskikk og føresetnadene for denne. Det er meininga at ein i seinare rapportar skal vidareføra granskinga av byggeskikken i Nordhordland, og utvida emnet til også å omfatta tunskipnad, driftsbygningar og andre hus på gardane.

I denne oversikten er hovudvekta lagt på den typologiske utviklinga av bustadhusa. Ein kjem difor i mindre grad inn på dei opphavsmessige, tekniske, sosiale og bruksmessige tilhøva, men også dette vil ein freista å koma tilbake til i seinare rapportar. Slike problemstillingar kan først drøftast i full breidde når det ligg føre eit meir fullstendig grunnlagsmateriale enn det ein rår over i dag.

Den siste delen i heftet tar opp byggemåtar og naturressursar d. v. s. dei ulike materialtypane som er nytta i bygningane i distriktet. Ein har her lagt vekt på to særmerkte byggjematerialer i området: stein og brake (einer).

Primærmaterialet for denne framstillinga er registreringar som er utført i tidsrommet 1971–73. Dette materialet er på einskilde felt avgrensa både når det gjeld opplysningsverdi og stoffmengd. Det gjeld særleg tidsrommet fram til midten av 1800-talet. Svært få hus frå denne tida står i si opprinnelege form. Ei viktig årsak til dette er utskiftingane frå felleseige som tok til i 1860-åra. Dei førde til at den gamle tunstrukturen vart oppløyst, ved at alle gardbrukarane som flytta ut også flytta dei husa dei eigde. Både bustadhus og driftsbygningar vart ved dette høvet ombygde. Sume stader vart det også bygd nytt. Det er difor naturleg å sjå midten av 1800-talet som eit tidsskilje når det gjeld byggeskikken i Nordhordlandsbygdene.


Ein annan vanske i grunnlagsmaterialet er dei mange ombyggingane av eldre hus som vart føretekte utover på 1900-talet, særleg i tida etter siste verdskrigen. Dette gjeld både driftsbygningar og bustadhus. I dei sistnemnde er både grunnplan og eksterior blitt endra, og konstruktive delar av bygningen kledde inn, slik at det er vanskeleg å gjera seg noko inntrykk av den opprinnelige bygningstypen.

Registreringane har geografiske avgrensingar som gjer det naudsynt med visse atterhald i slutningane. Austheim kommune er totalregistrert, i Lindås og Radøy dekkar registreringane størsteparten av området. Fedje og Masfjorden kommunar er delvis registrerte.

Artikkelen byggjer på registreringar frå desse delane av Nordhordland. Det totale innsamla materialet syner likevel så store likskapar i byggeskikken over heile området at det bygningshistorisk fell naturleg å sjå Nordhordland som ein heilskap som på mange måtar skil seg ut frå andre delar av Hordaland.

Dei skriftlege kjeldene fyller ut det biletet registreringane gir, det same gjeld ein del innsamla munnlege opplysningar. Desse er for det meste av generell art, særleg når det gjeld dei eldste hustypene.

Anders Kåre Engevik har skriva om bustadhusa før 1840, og om byggemåtar og naturressursar. Jan Henrik Munksgaard har tatt føre seg bustadhusa frå 1840 til 1920.



Røykstove. Skjematisk snitt gjennom røykonn og bygning. A. Ljore. B. Røykonn.

2.0 Røykstover



Opplysningane om dei eldste hustypene i Nordhordland er etter måten få og fragmentariske, samanlikna med det vi veit om byggeskikken i tida etter 1850. Det innsamla materialet frå feltarbeidet 1971—73 seier oss ikkje stort om eldre tidars byggeskikk, av di mest ingen hus frå tida før midten av førre hundreåret står i si opphavelige form. Vi må difor i stor utstrekning stø oss til tidlegare registrert materiale og på skriftlege framstillingar om emnet. Samla gir dette visse hovuddrag av den eldre nordhordlandske byggeskikken.

I førre hundreåret dreiv Eilert Sundt bygnings- typologiske granskingar rundt om i landet. Han hevdar at den vanlege hustypen på Vestlandet var røykstova med to-delt grunnplan.¹⁾ Plantypen er identisk med den Gunnar Jahn var den vanlege i Nordhordland i eldre tid.²⁾ Kjernen, stova, var tømra, medan tilbygget var i reisverk (Fig. 2). Tilbygget kunne vera delt i to, slik at her var eit ekstra rom, koven, i tillegg til inngangspartiet.

Røykstova som hustype går attende til middelalderen. Den opprinnelege eldstaden, åren, var plassert midt i rommet med røykopninga, ljoren, i

taket rett over. Mange av dei røykstovene vi kjenner frå Vestlandet har visse byggetekniske særdrag ved ljorekonstruksjonen som kan tyda på at dei har hatt åre som opphavelig eldstad.³⁾ Plasseringa av ljoren midt på taket synest peika i same lei. Dette gjeld mellom anna røykstover vi kjenner frå Nordhordland. Sidan desse røykstovene er heller yngre bygningar, ser det ut som åren har vore allmennt utbreidd like fram mot 1800-talet.

På Utsylta, Radøy, står ei slik røykstove. Ho har gjennomgått endel endringar gjennom åra, men byggetekniske granskingar peiker mot åren som opphavelig eldstadform (Fig. 1).

Frå Risnes, Masfjorden, har vi opplysningar om ei årestove som vart riven i 1862. Stova var tømra og hadde eit tilbygg, «skott», for enden. Dette og ei langsgående sval var i reisverk. Om stova heiter det vidare: «I skottet og Svalen var Trægulv (altsaa fra en senere Tid) men i det indre Rum bestod Gulvet af sammentrampet Jord (Aur), tildels belagt med Stenheller. Midt paa Gulvet – lige under Ljoren – laa en flad, tyk Sten med flere flade Stene omkring den større». . . . «I Huset fantes intet Vindu, i Svalen derimot er Par Glugger».⁴⁾

¹⁾ E. Sundt: Bygnings-skikk paa Bygderne i Norge. CRA 1900.

²⁾ G. Jahn: Byggeskikk på den norske Landsbygd. Oslo 1924.

³⁾ R. Kloster: «Ildstedform og ljoretype». Artikkel i Fortidsforeningens årsberetning 1946.

⁴⁾ Oppl. av Arne Riisnæs i Frølich: «Fjon», eller Masfjorden.




Fig. 1. Utsylta, Radøy.
Røykstove som er ombygd i seinare tid og har fått skorstein.



Vi ser her to særtrekk ved årestovene, det eine at stova hadde jordgolv, det andre at ljoren var einaste lyskjelda. I tillegg merkjer vi oss at tømmerveggene var omgjevne av tilbygg i reisverk.

Stovene Eilert Sundt nemner hadde røykorn i eine kråa. Denne eldstadtypen går også langt attende i tid, men er yngre enn åren. 1700-talet synest ha vore ei ekspansjonstid for røykornen, og det er truleg først ut på dette hundreåret at den nye eldstadtypen vart vanleg i Nordhordland.


Med røykornen fekk tregolvet innpass i stova. Sidan eldstaden no var i eine kråa, vart ljoren

plassert nærare gavlveggen. Dermed miste ljoren mykje av funksjonen som lyskjelde. Dette kunne likevel vegast opp ved å gi stovene vindaugo, som kom i vanleg bruk fram mot 1800-talet. Dermed endra også eksteriøret karakter. Dei gamle årestovene hadde som vi har sett tilbygg i reisverk kring veggene (jfr. Risnesstova ovanfor). Slike tilbygg var umogelege dersom ein ville gi stova vindaugo. Sjølve tømmerkjernen vart no hovudforma i eksteriøret, vanlegvis panelt med liggjande kledning. Det er denne utsjånaden vi kjenner frå røykstover som enno står. (Sjå fig. 1.)

Fig. 2. Todelt plantype (etter G. Jahn).



3.0 Stover med toromsplan



Det finst enno ein del eldre bustadhus som er lite eller ikkje ombygde, eller som med visse kan først attende til eldre grunnplantypar. Dei fleste har same to-delte grunnplanen som dei røykstovene vi til no har sett, og har kanskje opphaveleg vore røykstover. Den einaste ulikskapen mellom røykstovene og dei registrerte to-delte husa er at dei sistnemnde har eller har hatt *grue* i framrommet og jarnovn i stova. Grua er ein yngre eldstadtype enn røykornnen og representerer eit nytt byggeteknisk utviklingssteg. I åre- og røykornnstovene gjekk alle huslege sysler føre seg i stova, som hadde einaste eldstaden i huset. To-romsbygningane med grue har som nemnt to eldstader, jarnovn i stova i tillegg til grua i framrommet. Her er dette rommet i eitt, koven er borte. Dette illustrerer den nye funksjonen framrommet fekk ved sida av å tene som inngangsparti. Med innføring av grue vart rommet nytta til bakst, bryggjing og korntøring. Mange gruer har enno tørke- og bakstheller intakte. Til visse tider i året føregjekk all matlaginga her. Om vinteren, når ein likevel laut fyra i stoveomnen, kokte ein på denne. Arbeidet vart såleis delt mellom stove og framrom, idet ein del huslege sysler som tidlegare truleg gjekk føre seg ved røykornnen, seinare vart lagde til grua. Ved overgangen til grue forsvann røykornnen og ljoren frå bustadhusa i Nordhordland.

Det er ikkje gitt opplysningar som kan tidfesta denne overgangen, men det er naturleg å rekna med at han har gått føre seg i samband med innføring av lem i bustadhusa, (sjå nedanfor). Sannsynlegvis var dette ei langsam utvikling som gjorde seg gjeldande til ulik tid på dei ymse gardane.

Framrommet med grua vart kalla «eldhus». Det hadde også som nemnt typiske eldhusfunksjonar i eldre tid. Frittstående eldhus synest det ha vore etter måten få av i Nordhordland på den tid grua kom i bruk. Dei fleste registrerte to-delte husa skriv seg frå første halvdel av 1800-talet. Grunnplantypen går som nemnt lenger attende, men funksjonsfordelinga som vi her har tala om, er 1800-tals.

Seinare, utover på slutten av 1800-talet, har i einiskilde tilfelle gruerommet også fått ein kokeovn, og såleis på sett og vis fungert som kjøkken ved sida av å vera nytta som eldhus. Nemninga «kjøken» om dette rommet er likevel mykje yngre, og vart først teken i allmenn bruk utover i vårt hundreår. På denne tida vart mange av desse romma avpanelte etter midten, slik at rommet med eldstaden var lunare å arbeida i vinterstid. Grua kom etter kvart meir or bruk, og komfyr eller kokeovn overtok dei fleste gamle eldstadfunksjonane.

På Tveit, Radøy, står eit toromshus med grue i framrommet. Innreiinga ved grua fortel om både eldhusgjere mål og matlaging i same rom (fig. 3–4). Ved sida av grua sto ein kokeovn og på eine tverrveggen var eit lite bord som vart nytta under matiaginga. Golvet ved grua hadde heller, sannsynlegvis på grunn av brannfaren. Nærast inngangsdøra var det tregolv. Herifrå førde ei trapp opp til lemnen og ei dør inn til stova. Dette huset kan ikkje sikkert daterast, men på Tjukkhelle i Lindås står ein bygning frå omlag 1825 som opprinnelig hadde same planløyning som huset på Tveit. Samla flatevidd var omlag 40 m². Grua er no borte og huset er blitt utvida, slik at den opprinnelege grunnplanen berre omfattar ein del av bygningen. (Fig. 6.)

Denne hustypen, også kalla «tre-brysta» (av tre «bryst» = tverrvegger) var etter alt å døma vanleg utbreidd. Fleire stader vart slike bustadhus nytta like fram til omkring århundreskiftet, men då av folk som sannsynlegvis mangla midlar til å utvida bustadvidda til tre rom, noko dei fleste gardbrukarane synest ha gjort under og etter utskiftingane.

Der særskilde kårhus fanst, hadde desse gjerne ei to-delt planløyning. To seine 1800-tals kårhus står enno; det eine på Tveit, Radøy; (Fig. 5) det andre på Fønnes Austrheim. (Fig. 7, 8.) Kårhuset på Tveit har kammers tilbygd for tverrenden og kan sjåast som ei variant av den to-delte hustypen.

Fig. 3. Tveit, Radøy.
Todelt bustadhus.






Fig. 4. Tveit, Radøy.
Toromsstove. Med tilbygd stall og torvsvol innanfor ein solid vernemur på tre sider av bygningen. (Jfr. fig. 3.)






Fig. 5. Tveit, Radøy. Kårstove.
Einskilde kårhus hadde gjerne todelt planløsning. Nokre stader finn ein toromsstova samanbygd med løe og flor. Slike samanbygde gardshus var ikkje uvanlege i Nordhordland.

Fig. 6. Tjukkhelle, Lindås.
Stove. Opphavelag toromsplan med seinare tilbygg.



4.0 Samanbygde hus



I tillegg til dei to-delte bustadhusa vi no har sett, fanst det i same tidsrom bygningar med større og meir samansett grunnplan, der hovudromma låg etter kvarandre i lengderetninga. Hus av begge typar har vore i bruk langt fram på 1800-talet.

Johan Litleskare registrerte ein del bygningar med fleirroms grunnplan i tida kring 1. verdskrigen.⁵⁾ Han har gitt ei utgreiing om dei i årsskriftet i Nord- og Midhordland Sogelag. Fleire av bygningane han nemner sto i det området som vart registrert i 1971–73, men idag er det berre ein frede fleirromsbygning på Boga, Radøy som eksisterer. (Fig. 9–10.) Her ligg eldhus, stove og bu under eitt tak.

På Ytre Fosse, Alversund registrerte Litleskare eit bustadhus med liknande grunnplan. På langsiden var kleve og svaler (jfr. Risnesstova, fig. 3 ovanfor). Ved sida av denne bygningen sto «Litlestova», eit hus på to rom med vedskytte tilbygd, nøyaktig same grunnplan som dei to-delte husa vi tidlegare har nemnt. Litlestova skal ha vore yngre enn hovudbygningen, men var i bruk på same tid som denne.

Det finst enno att ein del fleirromsbygningar utanfor dei områda Litleskare tok for seg. Nokre av dei er blitt ståande mykje godt uendra. På Risa i Lindås står ein slik bygning, (fig. 11–12). Her er to stover skilde av ein gang, og eldhus for enden av eine stova. Søre stova var opprinneleg ei røykstove som fekk kovepartiet utvida til gang då stove nummer to vart bygd til. Eldhuset er smalare enn stova. Det har ei torvsvol ved sida, bygd ut jam-

⁵⁾ J. Litleskare: Gamle bustadhus i Nordhordland. Årbok for N og MHL Sogelag 1918–24.

breitt med stova. Vi kjenner ikkje sikkert alderen på denne bygningen.

Huset på Risa syner eit vanleg trekk ved slike bygningar: Stegvis utbygging. Stovene vart flytta til Risa frå andre bygdelag i Nordhordland til ulike tider. Eit fleirromshus på Bø, Radøy, syner ei liknande utviklingssoge. Utbygginga skjedde for omlag 100 år sidan. Det opprinnelege bustadhuset på bruket var to-delt. Det vart for lite til to familiar då sonen overtok. Eit anna to-delt hus vart kjøpt og sett opp vegg i vegg med det første. Seinare vart husa bygde fullstendig saman til eitt.

Det ser ut til at mange fleirromsbygningar har blitt utvikla frå opphaveleg to-delte hus. Det einaste sikre unntaket kjenner vi frå Feste i Lindås. (Fig. 17–18.) Dette huset vart sett opp nytt i 1847 med ein grunnplan det enno i hovudsaka har. Den einaste endringa er at ein del av gangen seinare er blitt panelt til kjøkken. Tidlegare gjekk matlaginga delvis føre seg i eldhuset.

Som nemnt er ein skilde fleirromshus tydelege produkt av utvidingar etter kvart som behova tilsa det, (fig. 11–12) medan andre er nyoppførde med slik planløyning (fig. 17–18). Utviklingssoga til dei husa Litleskare registrerte (fig. 9 og 10) kjenner vi ikkje, men han nemner eit tilhøve som kan forklare desse bygningane som typar: Det er den dårlege tilgangen på tømmer i lyngheimrådet. Det er i dette området alle registrerte bygningar av fleirromstypen finst. Det var praktisk å samla rom med ulike funksjonar under same tak, då dette kravde mindre, både av materialar og vedlikehald, enn fleire frittstående bygningar gjer. Denne «ved-løy-





Fig. 7. Oen, Herdla.

Snitt gjennom fleirromshus. Oppmålt for Historisk museum av Bertram Dybwad-Brochmann.



Fig. 8 a. Fønnes, Austrheim.
Kårstove samanbygd med løe og flor.

Fig. 8 b. Fønnes, Austrheim.
Kårstove samanbygd med løe og flor. Grunnplan.



sa» ser Litleskare som hovudårsak til slike samansette bygningar. Han påviser eitt tilfelle der eldhuset, som frå først av var ein frittstående bygning, seinare vart «flytt inn i stova». Det er å gjera merksam på at eit slikt syn byggjer på teorien om at folk i lyngheiområdet tidlegare hadde hatt tilgjenge til tømmer frå skog i same distriktet, men at denne etter kvart vart uthoggen.

Samlinga av rom med ulike funksjonar under eitt tak er også blitt sett i samband med reisverktradisjonen i Vesteuropa.⁶⁾ Konstruktivt kunne

⁶⁾ R. Kloster: «Vestnorsk bygdekunst». Bergens Museums årbok 1937.

reisverket lett forlengast og skapa samansette bygningstypar. Tømringa derimot, som ekspanderte frå aust, høvde byggeteknisk best til å setja opp frittstående hus.

Tømringa kom til å trengja bort reisverket, men dei lange fleirromsbygningane vi no har sett kan vera utslag av ein tradisjonsbunden byggemåte frå den tid reisverkskonstruksjonar var det vanlege. Ser vi på grunnplanane av dei bygningane Litleskare registrerte, er det lett å merka seg at dei tømra romma ligg skilde innafor det skalet av reisverk som bind bygningane saman til eit heile sett utanfrå. (Fig. 10.)

4.0 SAMANBYGDE HUS




Fig. 9. Boga, Radøy. Fleirromshus. 1700-talet.




Fig. 10. Boga, Radøy. Fleirromshus. Rekonstruert etter K. Vetaas ved Johs. Litleeskare.

Vi har nemnd at hus av fleirromstypen var i bruk i same tidsbolk som hus med to-delt plan. Kor langt attende slike samansette bygningar har vore nytta veit vi ikkje. Litleeskare daterer indirekte bygningen på Boga (fig. 9–10) til tida før 1730. Bygningen på Feste (fig. 17–18) vart sett opp 1847. Dermed har vi ei øvre og nedre tidsgrænse som femner om eit tidsrom på mellom 100 og 150 år. Med reisverkstradisjonen i minne anar vi

likevel ein bruks- og byggetradisjon som spenner over eit langt vidare tidsrom attover.

Bygningen på Ytre Fosse hadde stall og flor bygd saman med bustadhuset. Liknande konstruksjonar er utbreidde over store deler av Nordhordland den dag i dag. Byggeteknisk skil dei seg ikkje vesentleg frå fleirromshusa vi har sett, og dei har etter alt å døma sitt opphav i dei same tilhøva som skapte denne bygningstypen.




Fig. 11. Risa, Lindås.
Fleirroms hus. Merk den ulike mønehøgda. Huset er samansett av stover flytta frå fleire stader i distriktet.




Fig. 12. Grunnplan av fig. 11.

Ved samanbygging vart eine tverrveggen i bustadhuset identisk med gavlveggen i løa. Uthuset var vanlegvis bygd inn åt eine stova for å gi denne livd. (Fig. 13–14.) Det finst også anlegg der løa/floren er bygd inntil gruerommet, men vernefunksjonen har også her vore avgjerande, etter som uthuset ligg på den sida av bustadseksjonen som er mest utsett for veret.

Når slike anlegg skal forklarast er det verd å merka seg at Det nyttige Selskab i 1786 premierte

ein gardbrukar på Lygra og ein på Fjellsbø i Lindås mellom anna for å ha bygd bustadhus, flor og løe «alt i een Række».⁷⁾ På Fjellsbø var løa bygd i stein. Kor stor innverknad denne organisasjonen elles har hatt på byggeskikken i Nordhordland er ikkje klårlagd, men det er rimeleg at fleire samanbygde anlegg er resultat av slik politikk.

⁷⁾ Foregangsmænd i Lindås og Masfjorden for halvandet hundred aar siden. Avisartikkel av W. Sommerfeldt.

4.0 SAMANBYGDE HUS





Fig. 13. Hopland, Austrheim. Bustadhus samanbygd med løe/flor. Huset er av lemstovetypen med midtgang, ein byggemåte som høyrer 1800-talet til (sjå fig. 14).

Fig. 14. Hopland, Austrheim. Bustadhus samanbygd med løe og flor.



4.0 SAMANBYGDE HUS





Fig. 15. Sætre, Austrheim.
Rekonstruert grunnplan av bustadhus samanbygd med løe og flor. Bustadhuset er av den fleirdelte typen.

Fig. 16. Sætre, Austrheim.
I dag står berre bustadhuset att. løa og floren er rivne. Huset har ujamnt mønehøg, noko som kan tyda på at gamalt stovetømmer frå ulike stader er nytta. (Jfr. fig. 15.)



4.0 SAMANBYGDE HUS

Bustadseksjonen i slike anlegg kan vera to-delt (Fig. 3, 4 og 8), tredelt (Fig. 13) eller fleir-delt. Eit slikt anlegg stod på Sætre i Austrheim. Løa, no riven, var tilbygd søre enden av budstadiuset, med floren som eit utbygg i rett vinkel på løa. (Fig. 15–16.) Frå løa førde ein trappestige opp til lemmen over søre stova i bustadhuset. Dette har ujamn mønehøgde, noko som tyder på at utbygginga har gått føre seg stegvis, slik vi har sett var vanleg ved slike bustadhus.

Kor gamle er så slike samanbygde anlegg? Ser vi på grunnplanen i huset vi nett nemnde, finn vi her same alderdommelege trekk som i dei husa Litlekare nemner, og som i eitt tilfelle blir datert til tidleg 1700-tal. Opplysningar om at vindaugo i huset på Sætre opprinneleg hadde blyinnfelde ruter tyder også på 1700- eller tidleg 1800-tals opphav. Dessutan kjenner vi som nemnt til premieringar av slike anlegg på 1700-talet. Utan å forkasta den tanken at uthusa kan ha blitt bygd inntil slike bustadhus i eit seinare tidsrom, må vi likevel kunna slå fast at slike samanbygde anlegg i tid følgjer både den fleir-delte og den to-delte bustadtypen attover på 1700-talet.

Tar vi for oss dei mange anlegga som enno står, og ber i minnet faktorar som innverknad frå Det Nyttige Selskab, må vi gå ut frå at samanbyggingen som type har hatt ein ekspansjon sist på 1700-talet og utover på 1800-talet. Anlegg der bustadhuset har symmetrisk, tre-delt grunnplan høyrer siste halvdel av 1800-åra til. Dette var ein grunnplan som fekk si største utbreiing under og etter utskiftingane.

I ein del av bygningane vi har tala om, vart eine rommet kalla «bu». Denne nemninga går attende på ein eldre funksjon som fall bort sist på 1800-talet. Bua var eigentleg opplagsrom for matvarer. Bygningstypologisk forekom ho i to variantar i eldre tid (1700-talet). Den eine var ein frittstående bygning i to høgder. Nemninga «bu» går eigentleg på lagerrommet i første høgda, men i Nordhordland omfatta ho også bygningen, sett som ein heilskap. Rommet i andre høgda vart kalla

«loftet». Dette vart nytta som gjesterom og var det mest forseggjorde rommet på garden, med treskurd og annan prydnad. Ein vesentleg føresetnad for slike kunstprega innslag i ei tid som berre kjende eldstadtypane åre og røykonn, var at bua ingen eldstad hadde.

Det er få slike bygningar att i dag. På Osterøy bygdemuseum, Gjerstad, står ei bu som kjem frå garden Fjellskålnes. Litlekare daterer bygningen til 1600-talet. Utanom denne er det registrert ein bygning som opprinneleg skal ha vore ei frittstående bu. Ho vart ombygd til lemstove kring 1850, men var nytta som bustadhus og hadde fått grue før den tid. Det var to rom i første høgda. Over stova var eit loft med svalgang på austsida. Planløysinga peikar mot ein opprinneleg funksjon som bu med gjesteloft over.

Den andre varianten av bua var bygd som del av eit større bustadhus. Idag finst det ingen eksisterande bygningar av denne typen, men Litlekare nemner at denne varianten eksisterte som del av fleirromsbygningen på Boga. (Fig. 10 ovanfor.) Loftet var bygd utover bu, tverrsval og gang. Det skal vera sett opp i 1730-åra og var etter Litlekares meining yngre enn resten av huset. Loftet vart rive i 1905.


Det er elles lite vi veit om slike bygningar. Det vi kan sjå ut frå materialet som ligg føre, er at bua ikkje kan ha vore allmennt utbreidd, i alle høve ikkje vore vanleg på kvart bruk. Det ser ut til at det berre var dei mest velstående gardbrukarane som kunne reisa slike bygningar.

Utover på 1800-talet opptre ein ny, amputert variant av bua som del av ein tredelt symmetrisk bygning. Her er det ikkje ei full høgde over, men skråtak like til golvet. Det er eigentleg ein lem vi her har for oss.

Lemmen er ikkje som loftet ei full høgde, men omfatta det rommet under sperrene som kjem fram når det blir lagd takhimling i høgde med øverste omfaret i stova. Ein vesentleg føresetnad for lemmen var at røykonn i stova vart erstatta med grue i det tilstøytande rommet. Grua hadde røykavtrekk direkte ut, medan røykonn kravde open takstol og ljore.

Fig. 17. Feste, Lindås.

Grunnplan av fleirromshus bygd med denne planløysinga i 1847.



Hus med lem er kalla «lemstover», den eldste tidfesta lemstova vi kjenner frå Nordhordland er omtala av Litleskare: «Paa Alvær, Alversund stend ei lemstova fraa 1813, bygd attaaat og ihop med ei stor røykstova, som fekk lem med det same».

Fleire lemstover har ei liknande utviklingssoge. Lemmen var ei nyskaping som vart innført ved omvøle av eldre hus, ofte i samband med utbygging frå to- til tre-delte grunnplan. Det er interessant å merka seg at lemmen over bua også i slike hus vart kalla «loftet». Denne nemninga førekjem her alltid i samband med ein særskild funksjon som gjesterom, nøyaktig som i dei to-høgders buene. Frå Hamre, Osterøy heiter det: «Romet yver budi var «loftet». Det var finaste rommet i huset og det einaste rommet som kunne henda var lagt litt arbeid til å pryda på. Der var tvo eller fleire sengjer som ofta var innbygde eller fint forseggjorde. Dette vart nytta til gjesterom. Der vart oppbevart kledekistor og alt som hadde verd og ikkje var i dagleg bruk.»⁸⁾

Vi ser at nemninga «loft» liksom «bu» alltid er knytt til funksjonen, medan «lem» synest hanga saman med byggeteknikken. Jamfør det austnorske ordet «kjellerlem», ei luke av fjøler festa på tverrtre, nøyaktig som lemmen i lemstovene har golv lagt over bjelkar.

Dette oversynet over den eldre byggeskikken i Nordhordland spenner over eit tidsrom på meir enn to hundre år. Sett under eitt syner denne perioden liten typologisk variasjon, liten påverknad utanfrå og langsam utvikling. Vi kan følgja den middelalderske årestovetypen like fram mot

1800-talet. Med røykornen kom nye bygningstekniske innslag som vindaugo og tregolv, men grunnplanen var i alt det vesentlege den same som tidlegare. At det eksisterte større og meir samansette grunnplanar ved sida av den to-delte kan mellom anna forklarast ut frå forskjellig økonomisk evne hjå gardbrukarane.

Tidsromet kring hundreårsskiftet 17–1800 førde med seg nye og sterkare impulsar utanfrå. Vi kan nemna lemmen og grua. Innverknad frå organisasjonar som Det Nyttige Selskab må vi gå ut frå fekk mykje å seia for utbreiinga av samanbygde bustadhus og uthus. Men om dei byggetekniske og typologiske endringane var store, levde tradisjonelle nemningar og bruksmåtar vidare i dei nye omgjevnadene. Dette syner seg mellom anna i det faktum at nemningane «bu» og «loft» vart overførde på nye bygningstekniske konstruksjonar.

⁸⁾ Rapport attgjeven hjå G. Jahn.



Fig. 18. Feste, Lindås.
Fleirromshus fra 1847 (jfr. fig. 17).







Fig. 19. Risnes, Masfjorden.
Bustadhus med symmetrisk plan. Huset vart bygt tidleg i 1850 åra.
(Foto utlånt av Arne E. Riisnes)

5.0 Bygdeempiren. Lemstover med midtgang.



Rundt midten av førre hundreåret, kanhenda noko tidlegare, må bustadhusa ha fått ein annan grunnplan enn før. Ein tredelt, symmetrisk plan-type, med stover på kvar side av ein midtgang, avløyste den eldre typen. (Fig. 20–21.) Over første høgda lå lemmen. Den var og tredelt.

Av det registrerte materialet går det fram at denne planløysinga var den mest vanlege i andre halvpart av 1800-talet, jamvel om det side om side med desse våningshusa framleis vart bygd hus av to-roms typen. Desse tredelte, symmetriske bustadhusa kan ein førebels kalla *lemstover med midtgang*.

Kvifor kom det ei endring av bustadtypene kring midten av førre hundreår? Fleire faktorar må ha spela inn i eit såpass stort skifte som dette har vore. Det må gjerast grundige granskningar av m. a. økonomiske og sosiale tilhøve før ein kan svara sikkert på dette, men ein skal likevel her freista å dra fram nokre moment som kan ha vore avgjerande for utvikling av bustadhus i Nordhordland.

Den 17. august 1821 kom det ei lov «ang. Jords og Skovs Udskiftning af Fællesskab». Der heiter det i paragraf 1:

«Hvor Fællesskab i Jord eller Skov paa Landet finder Sted, skal enhver Lodseier være berettiget til at fordrø av dem, der have Andeel i Sameie, at blive udskiftet, og at disse samtlig skulle deeltage i udskiftings-Omkostningerne, i Forhold til den Skyld, hvortil Enhvers Deel i Matriculen er ansat, og uden Hensyn til den Afgang i Matriculskylden, som ved nogen Eiendom formedelst Aftag maatte have fundet Sted.»

Ei liknande lov vart også vedteken den 12. oktober 1857. I Nordhordland hadde dei aller fleste gardane sameiga i utmark og teigblanding i innmarka. Frå 1821 hadde gardbrukarane høve til å endra på desse tilhøva, men det var først i 1860-åra at oppløysinga av teigblandinga tok til for alvor, jamvel om det ikkje var så mange gardar som vart ordna dei første åra. Utskiftinga kom til å innverka på bustadplasseringa og på den einskilde bustad.

Før utskiftinga var mest all busetnad på gardane samla i fleirbølte tun. Etter utskiftinga vart mange bruk flytta bort frå gamletunet slik at tunskipnaden vart endra. Ein må også vera klar over at fleire hadde flytta ut frå gamletunet før utskiftinga tok til.

Kor stor innverknad denne utflyttinga av bygningar har hatt på planløysinga av dei einskilde bustadhus, er ikkje undersøkt særleg enno, men i sume tilfelle har det avgjort hatt mykje å seia. Stort sett må ein også tru at når brukarane først skulle flytta bygningane sine, var det godt høve til å byggja seg nytt hus, utvida det gamle, eller på annan måte endra huset.

Ein annan faktor som i første halvdel av 1800-talet og framover mot 1850 må ha vore viktig for utvikling av bustadtypene, er overgangen frå røykonn til grue, (sjå s. 6). Då grue og ei murt pipe vart vanleg, fekk ein frigjort takrommet i stova, samstundes som eldstaden kunne flyttast ut i gangen. Dette la grunnlaget for to-roms leinstover, som lett kunne utvikla seg vidare til den tredelte bustadtypen.

Både nyordninga av eldstaden og utflyttinga frå gamletunet med dei utbetringar som då baud seg, har visseleg vore medverkande til å endra bustadplanane som vart vanlege kring midten av 1800-talet. Men også andre tilhøve kan ha vore med på å utforma det skilje som i 1840–50 åra gjorde seg gjeldande i bygging av våningshus.

Nordhordland var eit av dei fattigaste distrikt i landet ved byrjinga av 1800-talet, men tilhøva betra seg mykje kring midten av hundreåret, og bøndene fekk romslegare kår.⁹⁾ Samstundes auka folkesetnaden sterkt.¹⁰⁾ Slike faktorar kan ha vore med og framskunda utviklinga av bustadformene. Dette er moment som må granskast nøyare før ein kan gje fullgode svar. Det vi kan slå fast er at bustadane endra karakter kring 1850, og at ein i Nordhordland frå den tid fekk ein symmetrisk, tredelt planstype.

Kvifor valde folk ei symmetrisk planløysing? I Bergen hadde ein tidleg på 1700-talet teke til å byggja hus med symmetrisk grunnplan, men først i 1780-åra kom det store omskiftet frå usymmetrisk til symmetrisk plan. Denne grunnplanen var komen til Bergen frå kontinentet. Det er naturleg å tru at denne klassisistiske moten har hatt innverknad på byggeskikken i bygdene nær byen, og har nådd sentrale område av Nordhordland i 1840–50 åra.¹¹⁾ Den symmetriske planløysinga var ein ny mote som må ha tilfredsstillt visse estetiske krav. Når det tok så mange år før denne impulsen nådde fram til desse distrikta, heng det nok saman med m. a. dei økonomiske tilhøva. Det kan også ha verka inn at kommunikasjonane mellom Nordhordland og Bergen vart monaleg betre kring midten av hundreåret.

Den nye planen hadde også funksjonelle føremøner. Som døme kan ein nemna at i mange bygder i Nordhordland var det vanleg at gardbrukaren og kårmannen sine huslydar budde under same tak. For ein slik to-manns bustad var den nye planen svært praktisk, idet kvar huslyd

kunne disponera si stova til opphaldsrom og nytta gangen og grua til sams gjeremål. Det er difor grunn til å tru at den symmetriske planen imøtekom både venleikskrava og den praktiske bruken av stovene som folket i Nordhordland hadde i andre halvparten av førre hundreåret.

Bustadene med tredelte symmetrisk planløysing fekk to hovudutformingar i Nordhordland: Ein stor hustype med dobbel rombreidd, og ein mindre med enkel breidd. (Sjå fig. 20–21.)

Den store bustadtypen vert i Nordhordland nemnt som «dobbeltbreidda» fordi husa har to rom i breidda. Hovudinngangsdøra er på framsida av huset, altså på den sida der ein finn stoveglasa. Døra fører inn til ein midtgang som går gjennom heile husbreidda, eller kan vera delt i gang og kjøkken.¹²⁾ På kvar side av gangen finn ein stovene, og bak desse mindre rom med ulike funksjonar, – eitt eller to kammer, matbu, eller og kjøkken, dersom ikkje gangen er delt som nemnt ovanfor. I desse bygningane er som regel lengda av huset knapt dobbelt så stor som breidda. Grunnplanen er normalt ca. 80–90 m², men kunne og stundom vera opp til 100 m². Desse dobbeltbreidda husa med si store grunnflate og mange opphaldsrom, skil seg ut frå dei hustypene som tidlegare var i bruk i desse traktene.

Den andre hustypen med symmetrisk grunnplan vert i Lindås kalla for «enkelbreidda» hus. Denne nemninga vert bruka kring Lindås sentrum. Som namnet seier, har dei berre eitt rom i breidda, men ei tredeling av romma etter same mønster som i den dobbeltbreidda bustaden, med ei stove på kvar side av ein midtgang. Denne bustadtypen har ei flatevidd på ca. 50–70 m² og er altså mykje mindre enn det dobbeltbreidda huset. Bygningen får og ein heilt annan karakter enn dette, fordi lengda er mellom dobbelt og tre gonger så stor som breidda. Lengdeverknaden vert endå meir understreka ved at dei fleste hus hadde ei halvtekkja (skut) på den eine, og mange på begge kortsidene.

¹²⁾ Gangen vart tidlegare kalla «døre» og i mange hus vart kjøkkenet kalla eldhus.

Fig. 20. Austre Kvalen, Lindås.
Bustadhus med enkelbreidda, symmetrisk plan.





Fig. 21. Konglevoll, Lindås.
Bustadhus med dobbeltbreidda, symmetrisk plan. Huset vart ombygt i 1945.



⁹⁾ Rafto: BHF's skrifter nr. 59, 1953 s. 39.

¹⁰⁾ Rafto: BHF's skrifter nr. 59, Lindås hadde 5 925 innb. i 1845 og 7 102 innb. i 1865. Manger hadde 5 321 og 6 898 innb. i dei same åra.

¹¹⁾ Klassisismen var ein allmenn europeisk stilretning frå ca. 1770 til 1825. I Norge varte han noko lenger. Empiren er ein del av denne stilretningen, og la vekt på klårleik og enkle formerl.

5.0 BYGDEEMPIREN



Fig. 22. Lindås, Lindås.
Stove av midtgangstypen. I Nordhordland var det vanlig med skut på den eine eller begge kortsidene av huset.

Fig. 23. Austre Kvalen, Lindås.
Lemstove med midtgang og stove på kvar side.



Det finst nokre variantar av den enkelbreidda bustadstypen. Den typen som er mest utbreidd og kanskje vanlegare enn den «reine» enkelbreidda bustaden, har eit kammers, eller ei sval bak den eine stova (fig. 24). Denne planen kan verka som ei overgangsform frå den enkelbreidda til den dobbelbreidda bustaden. Seinare vil vi sjå at dette ikkje er tilfelle.

Ein annan variant har eit kammers like langt som heile husbreidda i den eine enden av huset. Dette rommet er som regel svært smalt (fig. 25). Det er ikkje så mange av denne plantypen mellom det samla talet av bustader. I realiteten er den heller ikkje ein tredelt, men ein firedelt bygning, jamvel om han utviklingshistorisk høyrer med til dei tredelte.

Dei to hovudtypane av grunnplan i andre halvpart av 1800-talet i Nordhordland er altså desse to: Den dobbelbreidda og den enkelbreidda symmetriske bustaden. Sams for desse er ei tredeling av grunnplanen på tvers, og ein sterkt utbygt symmetri. Som før nemnt er det nærliggjande å tru at bygningane fekk denne planløyninga som impuls frå Bergen. Dette gjeld særleg den dobbelbreidda bustaden, etter som planen nesten er identisk med bergenshusa frå seint på 1700-talet og tidleg 1800-tal.¹³⁾ Den einaste skilnaden er at bergenshusa ofte er meir kvadratiske og har kjøkkenet bak den eine stova, medan den dobbelbreidda bygningen i Nordhordland har kjøkkenet bak gangen. Tomtestorleiken er noko av grunnen til at bergenshusa er meir kvadratiske. I plasseringa av kjøkkenet finn ein likevel ein klår skilnad mellom Bergen og Nordhordlands symmetriske bygningar, jamvel om ein og i Nordhordland finn ein skilde hus der kjøkkenet er lagt *bak* den eine stova. (Fig. 26.)

Korkje symmetrisk plan eller dobbel rombreidd hadde vore bygt i Nordhordland før lemstovene av midtgangstypen blei sette opp; den dobbelbreidda byggeplanen er difor truleg ei direkte overføring frå Bergen til distrikta. I Nordhordland vart dei då også rekna for «bytypen».¹⁴⁾

Av det registreringsmaterialet som er samla inn dei tre siste åra, ser det ut som dei symmetriske, dobbelbreidda husa er litt eldre enn dei symmetriske enkelbreidda. Tidsskilnaden mellom dei første av kvar type er likevel så liten at det er vanskeleg å seia noko visst om våre resultat kan vera rette. Begge hustypene finn ein først i tida kring 1810. På den tida og i ti-åra like etter, vart det bygt få symmetriske hus. Først kring midten av hundreåret vart dei vanlege.

Den enkelbreidda bygningen har kanskje også fått den symmetriske planløyninga som ein impuls frå Bergen, anten direkte, eller indirekte gjennom dei dobbelbreidda husa. Det er og tenkjeleg at romsymmetrien, med ein gang i midten og ei stova på kvar side, er ei vidareføring av grunnplanen i dei gamle fleirromshusa. (Sjå s. 8 ff.) Symmetrien i dei enkelbreidda bygningane kan difor vera eit resultat av to utviklingslinjer som har kryssa kvarandre: Den eine med bakgrunn i dei klassisistiske bygningane i Bergen, den andre med føresetnad i den lokale byggeskikken.

Når dei enkelbreidda bustadene berre har *eitt* rom i breidda, er nok dette ein gammal norsk tradisjon som heldt seg lenge i Nordhordland. Ein har tidlegare synt at romma fyller heile breidda både i to-roms bustadene og i dei lange, samanbygde husa.

¹³⁾ Bjerknes: Gamle borgerhus i Bergen, s. 65.

¹⁴⁾ Frølich: Fjon eller Masfjorden, s. 441.




Fig. 24. Fanebust, Lindås.
Variant av enkelbreidda plan. To kammers ligg bak den eine stova.




Fig. 25. Tjukkhelle, Lindås.
Variant av enkelbreidda plan. Eit kammers ligg på den eine kortsida av huset.




Fig. 26. Hostelnd, Masfjorden.
Dobbelbreidda plan som var svært lik husa i Bergen.

(Tegning etter A. J. Riisnes.)

Dersom det ovannemnde er rett, har dei dobbelbreidda og dei enkelbreidda bygningane i Nordhordland ulike føresetnader. Grunnplanen i dei enkelbreidda husa er ei blanding av lokal tradisjon og byimpuls, medan det dobbelbreidda huset sin grunnplan er ei direkte overføring av byggeskikken i byen til Nordhordland. Med eit fellesnamn kan ein kalla denne byggeskikken for *bygdeempire*.

5.0 BYGDEEMPIREN



Fig. 27. Bjørge, Lindås.
Bustadhusa langs Osterfjorden var ofte større enn len-
ger nord i kommunen.

Fig. 28. Tjukkhelle, Lindås.
Dei enkelbreidda husa kunne vera svært små.






Fig. 29. Eide indre, Lindås.
Eit av dei få tohøgda bustadhusa i Nordhordland frå midten av førre hundreåret.

Grunnplanen i husa vart altså delvis oppbygd med mønster i gamal tradisjon og delvis som impuls frå Bergen. Men korleis voks ein bustad med tredelt, symmetrisk plan fram i praksis? Bygde ein bokstavleg på tradisjonen ved å utvida dei eldre hustypene i lengda og breidda, eller sette ein opp ein heilt ny bygning? Begge deler vart gjort.

I dei tilfelle stovene er omlag like store, og bygningen har ein heilt symmetrisk grunnplan, er som regel heile huset oppført samstundes utan utvidingar. Det finst likevel mange unntak frå dette mønsteret. Det mest vanlege er at den eine stova er større enn den andre. Som oftast er den minste stova eldst. Dette rommet er då ein del av ein eldre eitt- eller to-roms bygning som seinare er utvida til ein bustad med tredelt plan av dei typane vi har sett ovanfor. Overgangen frå eit to-roms hus til ein tre-roms bustad er teknisk sett ikkje så lang. I andre bygdelag av Hordaland har det vore vanleg å utvida bustaden ved å setja ei opphaveleg frittstående bu inntil to-roms huset.¹⁵⁾ Eit par døme på dette er og registrert i Lindås, men om det har vore vanleg å utvida huset med ei bu, eller om andre bygningar er nytta til dette føremålet, er vanskeleg å seia noko visst om i dag. No til dags brukar ein berre den geografiske nemninga «den søre og nore stova» om dei aktuelle romma.

Tilbygget til bustaden trong ikkje koma frå same garden eller grenda. Ved fleire høve er det registrert hus som er utvida med materialar frå andre bygdelag. Ofte er det den skogrike kommunen Masfjorden og den søre delen av Lindås som har levert tømmer til grannekommunane. Det finst også hus som berre er oppført av sekundære materialar. Begge stovene kan vere flytta frå

¹⁵⁾ Gunnar Jahn: Byggeskikker på den norske landsbygd, s. 86.

ymse bygder og sett opp på nytt som *eitt* hus. Skilnaden på storleiken av stovene kunne føra til at dei måtte byggja ei sval, eller eit kammers attåt den minste stova, så eksteriøret fekk si vanlege firkanta form.

I det store og heile vart fleire dobbelbreidda enn enkelbreidda bygningar sette opp utan noko slag utviding av tidlegare bustader. I mange høve er likevel det eine rommet i den dobbelbreidda hustypen ei gamal tømmerstova som er nytta om att.

Den enkelbreidda og den dobbelbreidda symmetriske bustaden finst i alle bygder i Nordhordland, men hovudinntrykket er at det er langt fleire av dei enkelbreidda enn av dei dobbelbreidda bustadene. Det gjeld heile området, men ein kan nok merka ein viss skilnad i fordelinga av dei to hustypene frå det eine distriktet til det andre. Registreringa tyder på at det prosentvis var fleire dobbelbreidda hus ved Osterfjorden enn i dei andre områda. På Fedje er det omvendt. Der har dei langt færre dobbelbreidda bustader enn det som elles er vanleg. Truleg heng dette saman med tilgangen på tømmer i desse områda. Langs dei skogrike stroka ved Osterfjorden er tilgangen god, medan ein på Fedje har måtta innføre trevyrke. Ser ein bort frå denne noko ulike tilgangen på tømmer, har det nok først og fremst vore sosiale og økonomiske årsaker som har avgjort om det skulle vera eit enkel- eller dobbelbreidda hus som skulle setjast opp på garden. Stort sett kan ein seia at det var dei folk med best økonomi, som bygde dei største bustadene, medan dei med lita eller dårleg råd, laut nøya seg med dei minste bygningane. Mellom dei første som bygde dobbelbreidda hus i Nordhordland, finn ein såleis handelsmenn, ein lensmann og ein heller velstående tømmerhandlar, folk som hadde bra økonomi og som sto litt på sida av bondesamfunnet.

5.0 BYGDEEMPIREN




Fig. 30. Lemmen i eit dobbelbreidda bustadhus.




Fig. 31. Kjellar i bygning frå andre del av 1800 talet.
(Tegning etter Karl Øvretveit.)

Med nokre få unntak er alle bustadane som er registrerte av den symmetriske typen i ei høgda. Dei er alle bygde med lem. Namnet lem er i Nordhordland konsekvent nytta om romma over første høgda.

Storleiken på lemnen var naturlegvis svært ulik i dei dobbel- og enkelbreidda bustadane. I dei største av den dobbelbreidda typen var det god plass på lemnen, og både drengerom, jenterom og gjesterom kunne få plass der. Ofte låg det to rom ut mot kvar gavlside. I eit par tilfelle finst det og eit arkrom.

I dei enkelbreidda husa var både flateinnhaldet og takhøgda monaleg mindre. Ofte gjekk sperra heilt ned til golvet og gjorde rommet endå mindre enn det ville ha vore om dei hadde lagt nokre fleire omfar av tømmer opp over lemgolvet. Storleiken på lemnen kunne etter måten og variera mykje innanfor kvar av dei to hustypene.

Vanlegvis var lemnen delt i tre som i første høgda. (Fig. 30.) Midtrommet kunne ha mange namn: Ganglem, dørlem, utelem og lemspong. Mot kvar kortsida låg eit rom som gjekk under namnet «stovelem», fordi stovene låg like under. På kvar side av stovelemmene låg det kott. Det finst bustader som ikkje har avdelt lemnen i det heile, og i andre kan det berre vera ein stovelem. I desse siste tilfelle er det som regel tale om små hus. Nokre få bustader har ei noko uvanleg romløyising på lemnen. Golvet i det eine kottet er senka slik at det vert plass for eit kammers der. Det hender og at dei to stovelemmene har ulik golvhøgde. Den eine stova har då mindre takhøgda enn den andre. Høgdeskilnaden kan vera frå 10 cm til 30 cm – alt etter storleiken på

huset. Det finst både enkel- og dobbelbreidda bustader med dette særdraget. I eit tilfelle kan ein ana ei funksjonsdeling bak denne planløyisinga (Bjørge 241/2 Lindås), idet lemnen med nedsenka golv vert kalla «loft» og kammerset ved sida av «uteloft». Sjølve loftet vart bruka som gjesterom, og var etter tilhøva svært forseggjort med rosemåling og innebygde, utskorne senger. På uteloftet hadde dei klede og utstyrskister som oftast var rosemåla. Dette er ei planløyising som berre er registrert på nokre få gardar, alle ved Osterfjorden.

Lemmane vart elles bruka til soverom, og som regel var det dei større borna og drengene på garden som sov ovanpå. Ei luke ved sida av skorsteinen kunne lettast opp så den varme lufta nedanfrå fekk stiga opp i kalde vinteretter.

I dei eldste husa av den symmetriske typen finn ein sjeldan kjellar, men frå 1870–80-åra vart det meir vanleg. Kjellaren vart eit av dei mest nytta arbeidsrom i heile huset. Han var delt i to, ein ytre og ein indre del. I den indre var det nå lagerrom for poteter. Mange av dei gamle jordkjellarne rundt om på gardane, vart difor overflødige og nytta til anna bruk. Ei tørkehelle kunne og stå i den indre kjellaren, men var stundom plassert i den ytre. Elles var det ei grue i den ytre kjellaren, og ofte ei vasskjelda i ei nisje inne i muren, og dessutan ein utslagsvask av heller. I kjellaren heldt vatnet seg kaldt om sommaren og frau ikkje om vinteren. Det var av den grunn ei stor lette for husmora, som elles måtte gå utandørs for å henta vatn.¹⁶⁾ (Fig. 31.)

¹⁶⁾ Oppl. Karl Øvretveit.

Slik bygningane står i dag, er det vanskeleg å seia for visst kor mykje av innbuet eller inventaret som har hatt ein fast plass i interiøret. Noko kan likevel stadfestast. Det gjeld då først og fremst grua. Ho var bygt opp av leire og gråstein og stod mest alltid i midtrommet mellom dei to stovene, mura opp mot veggen til den eine eller andre stova. I Lindås, Austrheim og Radøy kommunar har dette gruerommet på mest alle gardane vore nytta som eit vanleg eldhus ved sida av kjøkkenfunksjonen, med andre ord også til brygging, baking, steiking av flatbrød og lefser, koking av kjøtt i slaktetida, og til klesvask. Seinare vart desse funksjonane lagt til kjellaren. Eigne frittstående eldhus er berre i eit par tilfelle registrert i området. Det er truleg at eit opphaveleg frittstående eldhus er flytta inn til bustadhuset. Seinare då husa fekk symmetrisk plan, vart det liggjande mellom stovene. Ei liknande utvikling har skjedd i andre delar av landet. På nokre gardar har dei hatt både grue i bustaden og eit eldhus utanom. Registreringane som til nå er utført tyder på at dette var meir vanleg i Masfjorden enn andre stader. Det er enno vanskeleg å seia om ein her står overfor geografiske ulikskapar. Desse spørsmåla vil verta tatt opp i det vidare arbeidet med byggeskikken i desse strøka.

Over heile Nordhordland var det vanleg at folk hadde ein jernomn i den eine eller begge stovekråene. Særleg om vinteren vart det laga mat på omnane. Dette vart truleg gjort for å spare brensel.

Etter kvart som kjøkkenet fekk komfyr, kom matomnen i stova og grua i midtrommet meir eller mindre ut av bruk. Dette heng og saman

med utvikling av kjellar og plassering av grua der. I bustader som er bygde etter 1880–90, er grue i kjøkkenet sjeldan å sjå.

Trappa opp til lemnen hadde og sin faste plass i midtgangen. Til vanleg vart ho lagt i ein 90° sving, men dersom rommet var lite og lågt, var det ofte berre ein stige som førde opp til ei luka i taket.


På den eine «stovelemmen» kunne det vera faste senger, noko som tykkjast vera svært vanleg i grendene langs Osterfjorden. Det er vanskeleg å avgjera kor utbreidd denne skikken har vore i andre delar av Nordhordland, fordi så mange hus i dag er moderniserte, men at det har eksistert også lenger nord, synte registreringa av Konglevoll og Kræmmerholmen.

Når ein har kalla denne byggeskikken bygdeempire, heng dette som nemnd saman med den enkle symmetriske forma i bustadplanen, men har og samanheng med dei rette vertikale og horisontale liner i eksteriøret. Det finst så å seia ingen dekorative utformingar på desse bustadene. Hovudinngangen er plassert omlag midt på den eine langsida, med eit eller to vindauga på kvar sida. I den siste delen av denne tidbolken vart det og gjerne sett inn eit halvt fag vindauga på kvar side av døra. Korleis vindaugo opphaveleg såg ut, er vanskeleg å vurdera, fordi det som oftast er desse som først vert utskifte i eit hus. Dei eldste typane ein har funne under registreringsarbeidet, har små kvadratiske, blyinnfatta ruter. Det kan variera mellom 6 og 8 ruter i kvar karm.

Dei enkelbreidda bygningane har som tidlega-

Fig. 32. Fanebust, Lindås.

Enkelbreidda bygning. Skuten, eller halvtekkja, som dei ofte kallar han i Nordhordland, har fått ein ny funksjon.



5.0 BYGDEEMPIREN

re vist ein svært lang grunnplan samanlikna med breidda. Er det då halvtakkja på den eine eller begge kortsidene, vil lengda på bygningen verka svært lang, særleg fordi bordkledningen alltid ligg horisontalt i Nordhordland. Panelet var sjeldan måla; takvinkelen var heller slak, truleg for å halda på torva som var mykje brukt til taktekkjing i førre hundreåret. Først ikring 1890-åra gjekk ein over frå torvtak til helletak på enkelbreidda hus. Likevel har ein kunna sjå torvtak heilt opp til våre dagar.

Dei enkelbreidda bygningane vart som regel plassert i lengderetningen av landskapet. Den langdregne forma husa hadde med låge tak og umåla vegger, førde til at natur og bustader gleid inn i ein fin harmoni.

Dei dobbelbreidda bygningane hadde eit meir kvadratisk, kasseliknande eksteriør. Dei skilde seg og ut frå dei enkelbreidda ved at dei ofte var måla og tekte med pannestein. Skilnaden mellom desse og byhusa var det flatare taket bygningane i Nordhordland hadde.

Ser ein bustadhusa i perioden frå omlag 1840 til 1890 under eitt, finn vi stor likskap mellom dei to vanlegaste bygningstypene, den enkelbreidda og den dobbelbreidda bustaden. Dei er bygde i ein etasje med lem over. Lemmen er som regel også ført opp i eit tredelt plan.

Men skilnaden er og klår. Den dobbelbreidda bygningen er ein god del breiare enn den enkelbreidda, og har og ei større grunnflate.

Sidan breiddene var forskjellige, fekk dei to bustadtypene eit noko ulikt eksteriør. Det dobbelbreidda huset var dessutan nesten alltid måla og hadde pannestein på taket. Dette gjorde sitt til at skilnaden vart endå større. Vi har vidare sett at bygningane delvis har ei ulik utviklingshistorie. Det dobbelbreidda bustadhuset er nesten fullt ut eit byhus på landet, medan det enkelbreidda og har ein føresetnad i den lokale tradisjonen.

Ein må ikkje gløyma at det samstundes med desse mest vanlege bygningstypene, og særleg i den første delen av tidsrommet, vart sett opp bustader som var samansette av to rom. Desse husa er omtala i første kapitel.




Fig. 33. Isdal, Lindås.
Samanbyggt hus med symmetrisk fasade.





Fig. 34. Lindås.
Den gamle lensmannsgarden. Bygt 1894.

6.0 Sveitserstilen

I bygdeboka «Fjon eller Masfjorden» skriv sokneprest Frølich (sokneprest i Masfjorden 1881–1892) om bygningane i Masfjorden før 1880-åra at «Husene var, når untages de ganske enkelte av bytypen¹⁷⁾ – ganske tarvelige, uten noen «stil» og uten prydelse også her. Umalte tømmervegger og med lignende umalt bohøve. På Østlendinger var virkningen trist – skjønt rummene ikke var mørke og ikke heller undermåls lave under loftet – og innholdsøst kjedelige, samt uten noget nasjonalt præg»,¹⁸⁾ men «Med prestegårdshuset¹⁹⁾ som mønster blev der tilsidst tat' et sterkt skridt fremover med flere rum, bekvemmere inredning og mer innvendig utstyr.»

¹⁷⁾ Frølich viser her til hus av den dobbelbreidda typen.

¹⁸⁾ Frølich: «Fjon eller Masfjorden», s. 441.

¹⁹⁾ Huset bygd 1883.

Som Frølich nemner, tok ein i 1880-åra til med å byggja ein ny type bustader, ikkje berre i Masfjorden, men i heile Nordhordland. Dei nye bygningane hadde delvis ein annan grunnplan enn tidlegare, og eksteriøret var heilt ulikt. Grunnplanen fekk delvis andre proporsjonar, og romtilhøva var annleis enn før. Utvendig vart det vanleg med utskjeringar i gavlborda, takhøgda vart større, og mønet fekk ein kvassare vinkel og utforming i forhold til huset. Samstundes med desse endringane vart det og omforming i konstruksjonen av sjøive huset. Det var sveitserstilen som var på innsteg i Nordhordland. Det mest karakteristiske for desse husa var det store utstikkande taket, dei store vindaugo og den eksteriøre dekoren Dessutan bar denne stilen med seg noko nytt, nemleg altanen.

Dei seinste ti-åra av førre hundreåret var ei brytingstid her vestpå. Det var økonomisk opp-

6.0 SVEITSERSTILEN



Fig. 35. Holmås, Lindås.
Sveitserhus med to stover mot fasaden.

Fig. 36. Spurkeland, Lindås.
Mange sveitserhus var halvannen høgds bygningar.



gangstid. Nye driftsmåtar vart tekne i bruk og gamle utbetra. Bondesamfunnet gjekk over frå naturalhushald til delvis pengehushald. Utskiftinga av dei gamle gardane og utflytting frå dei fleirbølte tuna held fram og hadde sin største intensitet like før århundreskiftet.

Den gryande industrialiseringa i byane førde med seg at byggematerialane vart lettare å få tak i. Høvla panel og listverk i standardstorleik vart masseprodusert og spreidd kringom i distrikta til dei nye handelsplassane og kunne kjøpast til ein tolleg rimeleg pris. Dekorasjonar og ornament kunne difor verta allemanns eiga. Husbygging vart frå no av ikkje berre for tømmermenn, men gav snikkarhandverket eit oppsving.

Ein må sjå sveitserstilen på bakgrunn av desse hendingane. Denne stilen hadde sitt opphav i bondebustadene i Sveits.²⁰⁾ Husa der hadde slake tak, lange taksjegg og opne svalgangar. Sveitserstilen vart snart populær over heile Europa m. a. som følge av den store turistferdsla til landet. Til Noreg kom han i 1840–50-åra. Den første bygning i sveitserstil her, skal visstnok vera vaktstova utanfor slottet i Oslo; ho vart bygd i 1846. Formspråket vart snart nytta i privatbustader kringom i landet, og særleg i villabygg ved byane kom stilen tidleg på mote. Derifrå spreidde han seg vidare utover til landdistrikta. I andre halvparten av 1800-talet vart handelen på landsbygda frigjeven, og dei handelsstadene som voks fram, vart ofte bygt i sveitserstil og vart spreidingssenter for dei omliggjande strok. Der jernbanen vart bygt, oppførte ein ofte stasjonane i den nye stilen, og det same hende med dampskipsekspedisjonane på kaia i dei strøka der båten var viktigaste framkomstmiddelet. Dessutan vart som regel offentlege og halvoffentlege våningshus som vart bygt på denne tida, oppført i sveitserstil fordi oppdragsgjevarane hadde nært samband med Bergen. Blant bygningar av dette slaget i Nordhordland kan ein nemna prestegarden i Masfjorden (1883), lensmannsgarden i Alversund (1888), og Lindås (1894). Handelsstadene som vart oppført i sveitserstil var m. a. Kårvik ved Alverstraumen og Straumsvik ved Risnes (1886). Med desse, eller bergenshus som førebilete, breidde stilen seg og til bondebygda. Men han vart aldri heilt einerådande i Nordhordland, og jamvel i tida 1890 til 1930 då dei aller fleste sveitserhusa vart bygde, var det framleis mange som bygde etter det gamle mønsteret. Det var heller ikkje berre «reine» hustypar av det eine eller andre slaget som vart sette opp.

Grunnplanen for dei fleste sveitserhusa heldt seg etter skjemaet frå den dobbelbreidda bustaden med tre rom på langs mot fasaden, og tre eller fire rom bak. Romfordelinga var difor heilt identisk i desse og i dei dobbelbreidda hustypene, men dei hadde ofte eit meir kvadratisk plan. Bruken av romma kunne det og vera noko skilnad på. I sveitserhusa vart ofte midtrommet (mot fasaden) – som tidlegare var gang – nytta som stove (hagestove) slik at ein fekk tre stover etter kvarandre, og i kjøkkenet var det heilt slutt med å laga grue. Dette siste hadde samanheng med betre tekniske hjelpemidlar i kjøkkenseksjonen. Sett under eitt, var ikkje dei synlege endringane frå den dobbelbreidda grunnplanen særleg store.

Ved sida av den tredelte planen, kom sveitserhusa med ein heilt ny plantype til Nordhordland (fig. 38). Planen vart meir kvadratisk. Lengda på

²⁰⁾ Arne Berg: Sveitserstilen på bygdene. Syn og Segn 1947.




Fig. 37. Spurkeland, Lindås.
Sveitserbygning med tredelt plan.





Fig. 38. Holmås, Lindås.
Sveitserbygning med «to-roms fasade».

Fig. 39. Lindås.
Bustadhusa i sveitserstil kunne vera mest heilt kvadratiske.






Fig. 41. Altan på gamle lensmannsgården i Lindås. Huset med altan bygt i 1894.




Fig. 40. Risnes i Masfjorden. Altan. Den var bygt på eit dobbelbreidda bustadhus, truleg i 1883. (Foto utlånt av Jonas E. Riisnes.)

bustader av denne typen var berre omlag ein og ein halv gonger breidda. Sjølve flatevidda var omlag den same som dei dobbelbreidda bustadene, fordi lengda vart mindre samstundes som breidda vart større. Rominndelinga var og ei anna enn det bustadene tidlegare hadde hatt. Mot fasaden hadde denne nye hustypen to stover og dermed ei slag samandraging i høve til dei tredelte plan. Bak desse stovene var det som før plassert tre, og einkilde gonger fire rom: Kjøkken, gang, og eitt eller to kammers. Rekkefølga av desse siste romma kunne variera.

Den nye grunnplanen var i tida kring århundreskiftet heller i fåtal, men kom etterkvart til å trengja unna den tredelte grunnplanen. Han overlevde sveitserstilens utvendinge ornamentering og vart i Nordhordland først ikring 1960 avløyst av ei planløsning som kom inn med vår tids typehus.

Eit tidleg døme på denne planen er den gamle lensmannsgarden på Lindås som er bygt i 1894²¹). Grunnplanen i denne bustaden er meir kvadratisk enn andre hus ein har omtala til no. (Fig. 39.) Huset har to stover i fasaden med eit stort kjøkken, gang og kontor bak desse. Frå gangen går ei trapp opp til andre høgda. Inngangen har ein framskoten del med føregang og spiskammers og som motvekt til dette er ein open altan sett opp på fasadesida. Stort sett er denne planen identisk med dei andre sveitserhusa som fekk todelte fasade. På eit par punkt er han likevel «atypisk». Den eine stova er monaleg større enn den andre, og bygningen har fått dør og altan på forsida. Altanen var ei nyskaping som kom til dette distriktet med sveitserstilen. På mange måtar har altanen ein dobbelfunksjon som rom: Han er både inne

og ute samstundes. I den eldre nordhordlandske busetjinga er nok svala det rom som kan minna mest om altanen. Dei gamle svalgangane og altanen på sveitserhusa skil seg likevel klårt frå kvarandre når det gjeld byggjemåten og funksjonen. Svala var innebygt, medan altanen vart bygt meir open. Den viktigaste oppgåva for altanen var nok den dekorative verknaden i eksteriøret, men han kunne og brukast som opphaldsrom på varme sommandagar. Svala var derimot oppsett som eit slags vern, eller isolasjon for romma innafør, og delvis som reidskapsrom.

I Nordhordland var det som regel sveitserhusa med den gamle tredelte planen som hadde altan på framsida. Dette høvde godt i samband med gangen i grunnplanen. Dei fleste bustadene som var utført med rominndeling etter den nye sveitserstilen og som ikkje hadde nokon gjennomgåande gang, hadde korkje dør eller altan på framsida. Derimot hadde dei ofte to dører på baksida. Dei skilde seg ut frå dei tredelte sveitserhusa og den tredelte empireplanen som mest alltid hadde døren både på framsida og baksida: Ei dør inn til gangen og ei til kjøkkenet.

Grunnflata i sveitserhusa var som før sagt, ikkje større enn i dei dobbelbreidda bygningane. Likevel inneheldt sveitserhusa ofte fleire rom. Grunnen var at lemnen, eller 2. høgda som ein kanskje heller bør kalla han, vart betre utnytta enn før. Det let seg gjera fordi ein bygde veggene høgare før sperrene vart lagt på. Dessuten gav lemnen betre plass rett og slett fordi huset vart breiare. Taket kunne no byggjast brattare etter at ein heilt var gått over til skifer eller pannestein i staden for torvtak, og ein ikkje lenger trong ta omsyn til torvglidninga. Eit fjerde moment som sveitserhusa gav høve til, var utvidinga av 2. høgda med sitt

²¹) Byggmester var Petter Gabrielsen, Spjøtyø.

Fig. 42. Skogsenden, Lindås.

Dei fleste sveitserhusa i Nordhordland hadde lite dekor i eksteriøret, men alle fekk utskjeringar kring vindaugo og utspringande tak.



6.0 SVEITSERSTILEN

arkrom. Tidlegare vart det så godt som ikkje bygt bustader med ark. Alle desse fire endringane: Vegghøgda, bustadbreidda, takvinkelen og arka la grunnlaget for at 2. høgda i sveitserhusa vart betre utnytta enn det ein før kunne greia å få ut av lemmene. Rominndelinga vart likevel ikkje mykje endra. Framleis vart 2. høgda delt i tre med ein gang i midten og rom mot gavlane. Det vart no lettare p. g. a. det større rominnhaldet å leggja to rom mot kvar gavl, der det tidlegare berre hadde vore plass til *eitt*.

Samanliknar ein grunnplanen i sveitserhusa og bygdeempiren, er det klåre sams grunnlag. Dei aller fleste sveitserhusa bygde vidare på den tredelte, symmetriske plantypen, der lengda var dobbelt så stor som breidda. Dei dobbelbreidda bygningane og dei fleste sveitserhusa er såleis i grunnplanen forma etter same lesten. Men skilnadene er like klåre. Sveitserhusa fekk ei 2. høgdom som var større og betre utnytta enn før. Dessutan kom ein ny plantype til Nordhordland med sveitserstilen, og den braut med den tredelte rominndelinga og var i forma meir kvadratisk.

Sveitserstilen har flest særmerkte drag i eksteriøret. Her skil stilen seg klårt ut frå bygdeempiren sine bygningar i Nordhordland. Dette hadde delvis sin bakgrunn i utviklinga av andre høgdom. Omriset av huset fekk som følgje av denne endringa ein annan karakter enn husa hadde hatt tidlegare. Dei fleste sveitserhus vart halvannanhøgds bygningar og dermed høgare enn dei hadde vore før. Dei husa som hadde den nye grunnplanen (totoms fasade), fekk dessutan ei form som var nær kvadratisk. Desse endringane i eksteriøret var ei direkte følgje av den utforminga husa hadde fått i interiøret.

Den nye stilen førde også, uavhengig av interiøret, med seg nokre ytre karakteristiske drag som

skil dei skarpt ut frå den eldre byggjemåten. Det er *det store utspringande taket, dei store vindaugo, dekoren* og som før nemnt *altanen*.

Dei store sveitserhusvindaugo vart sett inn både i 1. høgdom og 2. høgdom på gavlsidene. Vindaugsposten var forma som eit stort latinsk kross. Desse vindaugo gav mykje betre lys i romma enn dei mindre smårutete som vart brukt tidlegare.

Det ein kanskje først legg merke til i sveitserstilen, er den ytre utkrotinga og ornamentering. Dei enkle, nøkterne verkemidlane i bygdeempiren vart skifte ut med ei nærmast overrådig utsmykking i sveitserhusa, særleg kring dører og vindaugo, men og på utstikkande bygningsdelar. Altanen, om det var ein slik, var ofte reine lauvsgarbeidet. No var sjølvstyk ikkje alle sveitserhus like sterkt ornamenterte. Det var fleire variantar, frå dei nesten overlesste til dei meir sparsamt dekorerte, der ornamentikken ikkje fanst andre stader enn på dei utskorne falske åsane og sperra under taksjeggjet. Registreringane synest å vise at dei mest dekorerte bustadene er bygt nokså tidleg i perioden. Det er likevel fleire unntak frå denne regelen, så andre faktorar må og ha spela inn. Det er m. a. naturleg å tru at ulike økonomiske kår kan ha innverknad. Det tok t. d. opp til eit halvt år for ein snikkar å laga listverk, karmar o. l. til eit normalt dekorert våningshus i sveitserstil. Skulle bygningen vera rikeleg dekorert, trongs det fleire folk, slik at utgiftene auka med mengda av treskurd som vart laga og oppsett på huset.

Den gamle lensmannsgarden på Lindås er eit nokså tidleg døme på sveitserarkitekturen i dette distriktet (bygt 1894). Huset er dessutan det mest utkrota ein har registrert i Nordhordland og er svært lik den type bygningar som vart oppført i villastrok kring Bergen. Dekoren rundt vindaugo

Fig. 43. *Litleskare, Lindås. Tilbygg i drakestil.*



og dører, på altan og gavlar og under takskjegget er svært forseggjort. Det same er den vassrette markeringa av skiljet mellom 1. og 2. høgda. Denne horisontale markeringa motverkar alle dei vertikale linene og gjev ein balanse som ein elles ville ha sakna. Også dei utskytande kantane av taket hjelper til å redusera vegghøgda og avgrensa den loddrette verknaden. Det same gjer og mengda av gavlutskjeringane, medan på den andre sida spirra frå toppen av desse og mønekammen har motsett verknad og saman med altansøylene gjev bygningen ei flott reisning.

Utsmykkinga på huset har to hovudmønster. Det eine er plassert i gavlane og er for det meste akantusliknande ranker. Det andre er utført på nedste delen av altanen og framstilt i eit «beslagornamentikk».

Lensmannsgarden skil seg både i grunnplan og i eksteriør frå andre sveitserhus i distriktet. Han representerer ein meir utvikla og byprega stil enn dei andre sveitserhusa i dette området. Bygningen er eit særmerkt døme på det brot i byggeskikken sveitserstilen påførte den eldre byggemåten i Nordhordland. Dei fleste sveitserhusa som vart bygt her vestpå, hadde likevel langt mindre dekor i eksteriøret enn lensmannsgarden. Det vanlege var at husa fekk greia seg med utskjeringar kring glas og dører og utskorne ås – og sperrehovud under taket. Denne enkle utkrotninga saman med det store utspringande taket gjev det likevel eit særdrag som er heilt ulikt bygningane i empirestilen.

På landsbasis fekk sveitserstilen ein medtevlar i drakestilen. Han heldt fast på sveitserhusa sine karakteristiske eigenskapar, men la dessuten vekt på norske bygningsdrag frå for-


historisk tid og mellomalderen. Arkitekturen skulle verka meir nasjonal. Element frå arkeologiske funn frå stavkyrkjer o. l. vart teke opp i dekoren. (Fig. 44.)

Under registreringa har ein funne eit døme på denne stilen: hovudbygningen på Litleeskare ved Alversund. (Fig. 43.) Det er rett nok berre eit tilbygg som er oppført i denne stilen, men typen er klar. Huset har fått «svalgang» på kvar langside, romanske bogevindaugo, utskorne «romanske» andlet, flettverksdekor og «takrytter». I dette tilfelle har nok eigaren si interessa for gammal norsk arkitektur forma denne impulsen.

Sveitserstilen minkar etter kvart i 1920-åra. På visse punkt hadde han brote med bygdeempiren og med den gamle byggetradisjonen i Nordhordland. I interiøret vart dekor og artikulering av veggflatene vanleg. Stilen omfatta så å seia heile landet, og det er vanskeleg av det registrerte materialet å oppdaga om han fekk nokon særmerkt nordhordlandsk utforming.

Brotet som sveitserstilen førde med seg i den gamle byggeskikken i Nordhordland, stiller mange spørsmål. Kvifor bygde ein no i mindre grad på den gamle tradisjonen? Var det nye funksjonar i t. d. hushaldet, eller andre økonomiske eller sosiale «behov» som var årsaka? Dette er spørsmål ein først kan svara på når dei historiske og etnologiske studiene innanfor Lindåsprosjektet vart framlagt.

Fig. 44. Litleeskare, Lindås.
Detalj av drakestilornamentikk,



7.0 BYGGEMATERIALAR/TRE



Fig. 45. Utsylta, Radøy.
Jordkjellar og brønnhus samanbygde.

7.0 Bruksbygningar, bygge- materialar og konstruksjonsmåtar

Eit vanleg trekk ved eldre nordhordlandsk byggeskikk er bruk av ulike materialar i same bygning: Trevyrke, stein og brakeris. Desse materialene førekjem vanlegvis i forskjellige kombinasjonar i ulike bygningar. Stein og trematerialar er nytta i bustadhus, medan mange driftsbygningar har innslag av alle tre materialtypene. Det særmerkte ved Nordhordland i denne samanhengen må sjåast på bakgrunn av materialvalet andre stader i Hordaland.

7.1. Trevyrke som byggemateriale.

Jamtover var Nordhordlandsbygdane dårleg forsynt med skog. Berre distrikta langs Oster- og Masfjorden hadde etter måten lett tilgang på tømmer. Folk i lyngheimrådet og på øyane måtte kjøpa trevrake og frakta var lang og tungvint. Litlenskare nemner at gardane i dei ytre bygdane hadde almenningar ved Osterfjorden, der dei henta byggematerialar etter at skogen heime var

ende. Etter kvart som også desse almenningane snøyddest, måtte tømmer hentast andre stader. Dette skapte grunnlag for ein «ferdighusindustri» i ein del Osterfjordbygdar, der folk tømra opp små stover som dei selde til lyngheimrådet. For folk i dei ytre bygdene gav fisket økonomisk overskot som gjorde det mogeleg å kjøpa tilstrekkeleg tømmer til alle behov. Det var til dømes mykje samband mellom øyane i ytre Nordhordland og Masfjorden. Øybuane selde fisk til fjordbøndene og kjøpte tømmer attende.²²⁾

Slike tilhøve førde til at alt trevrake vart intensivt nytta. Ei stove måtte vara i generasjonar. Flytta eigaren, vart gjerne stova flytta med. Ved ombygging eller utviding nytta folk vel det som var brukande av gamle materialar. Når tømmeret var blitt for dårleg til å gjera teneste i bustadhus, gjekk det til flor eller smalhus. Fleire driftsbygningar frå eldre tid har gammalt stovetømmer. (Fig. 46–47.)

²²⁾ Oppl. ved registrering på Øksnes og Fedje.





Fig. 46. Sævrøy, Austreim.
Løe, flor og sauehus. Sauehus av gammalt stovetømmer.

Fig. 47. Grunnplan av fig. 42. Merk kombinasjonen av mur og treverk.



Same utnyttingsgrad er ikkje kjend frå skogdistrikta. Likevel er det rimeleg å tru at det var dei økonomiske tilhøva hjå kvar einskild gardbrukar som avgjorde kor intensivt han måtte nytta trevirket. Dei dårlegast stilte måtte i mange høve sjå seg om etter andre byggematerialar. Litleskare nemner at det fanst bustadhus der alle fire ytterveggene var av stein. Sannsynlegvis var stova tømra.

Tømmeret hadde to hovudoppgåver i bygningen, ei konstruktiv og ei isolerande. Isolasjonsevna forklarar kvifor tømmer også er nytta i flor og smalhus. I bustadhus er alltid stova tømra, medan eldhuset (eller kjøkenet) ofte har reisverk.

Reisverk er også nytta i ein del uthus, t. d. i løer, torvhus og i naust. Naust i reisverk førekjem over heile Nordhordland. (Fig. 48.) Det er vanleg byggematerialar i fjordbygdane, men også i lyngheiområdet og på øyane førekjem naust i denne materialtypen. Sannsynlegvis har fisket her skapt økonomisk grunnlag for større bruk av trevirke enn det som elles var vanleg. Unntaksvis finst tømra naust i dette området. Det vanlege er likevel ein kombinasjon av treverk og stein i uthusbygningane. Eit unntak er kvernhusa. (Fig. 49.) Dei er alle tømra, både i lyngheilandskapet og i dei indre bygdane.

7.0 BYGGEMATERIALAR/TRE




Fig. 48. Lerøy, Austreim.
Naust i reisverk.

Fig. 49. Hope, Lindås.
Kvernhusa var alltid tømra, jamvel i lyngheimrådet.



7.2 Steinkonstruksjonar.

Omgrepet «steinkonstruksjonar» er her nytta om anlegg, bygningar og deler av bygningar der naturstein er brukt, til dømes vernemurar, driftsbygningar, gardfloar og steingardar.

Bruken av stein i byggeskikken er meir vanleg i Nordhordland enn ellers i fylket, der ein først og fremst finn stein nytta i bygningar ved kysten og på fjellet. Som «steinområde» heng Nordhordland saman med stroka i Ytre Sogn.

Steinkonstruksjonar av ulike typar finst over heile Nordhordland. Dei har særleg sterk konsentrasjon i kommunane Lindås, Radøy og Austrheim, mindre på Fedje og i Masfjorden. Det ser ut som om einskilde typar er særleg sterkt utbreidde i visse delar av distriktet. Potetkjellarar t.d. er vanlege i Lindås og Austrheim, men sjeldne i Masfjorden. Gavlmurar i bustadhus synest ha same geografiske utbreiing, medan steingardar førekjem over heile Nordhordland.

Eit viktig spørsmål i denne samanhengen er forholdet mellom bruken av stein og tilgangen på tømmer i dei ymse bygdelaga. Hovudinntrykket er samanheng mellom utstrakt bruk av stein og dårleg tilgang på tømmer. Ein del faktorar gjer likevel biletet mindre eintydig. I Lindås kommune er stein nytta like mykje i skogdistrikta som i lyngheiområdet. Dei skogfattige kommunane Austrheim og Radøy syner heller ikkje meir utbreidd bruk av stein enn Lindås. På Fedje der det ikkje veks skog, finst ikkje andre steinkonstruksjonar enn nokre få steingardar. Her må likevel gjerast det atterhaldet at svært lite av eldre tidars byggjemåtar er bevart på Fedje. Einast i dei relativt skogrike Masfjordbygdene synest det ha vore mindre vanleg å nytta stein i bygningar.

Bruken av stein som bygningsmateriale kan så-


leis ikkje åleine forklarast ut frå forhold som god eller dårleg tilgang på tømmer. Dette kan ha spela ei viss rolle i dei bygdene som ligg lengst av lei frå skogsområda, men det finst ingen sikre opplysningar om årsakstilhøve som desse.

Vertilhøva, særleg i dei ytre Nordhordlandsbygdene, har gjort det naudsynt med byggemateriale som verkar isolerande og som varer. Ein solid utført gråsteinsmur er både varig og vedlikehaldsfri. Plasseringa av murverket i bustadhus og driftsbygningar talar tydeleg om vertilhøva. Steinmurane ligg vanlegvis i søraustre og delvis i vestre endane av bygningen, nett på dei stadene som er mest utsette for veret. Vertilhøva har også sannsynlegvis hatt sitt å seia for plasseringa av bygningane i lendet. Så godt som alle eldre bygningar har ein lengdakse NA–SV, på langs etter den geologiske lengderetninga av dei ytre distrikta av Nordhordland. Dermed vender gavlane også mot drevretninga. Einast i fjordbygdene i dei indre områda av Nordhordland er husa plasserte i andre lengdretningar, men alltid med langsida mot fjorden.

Vertilhøva gjorde det som nemnt naturleg å velja stein framfor tre, særleg der tømmerkog ikkje fanst. Tilgangen på stein var stort sett like god over alt, jamvel om ikkje all stein let seg nytta til muring. Enkelte stader er steinen så lite velegna at folk laut hjelpa seg med andre materialar. Difor finst det somme stader i lyngheiområdet mest ikkje murverk på eit einaste bustadhus, og steingardane er ujamne og låge. Dette kjem av at steinen i si naturlege form er for ujamn til å mura i høgda med. Høveleg byggjestein vart alle stader teken vel vare på og jamvel flytta saman med huset om ikkje transporten var for lang.²³⁾

²³⁾ Oppl. Karl Øvretveit.

Fig. 50. Hodnesdal, Lindås.
Nokre driftsbygningar er mura heilt av stein, som denne.



7.0 BYGGEMATERIALAR/STEIN




Fig. 51. Skjematisk snitt. A: Gjennomgåande stein.
B: Fyllmasse.

Fig. 52. Håland, Lindås.
Murgavl på bustadhus.

Faktorane som her er nemnde er dei ein merkjer seg mest når utbreiinga av steinkonstruksjonar skal forklarast. Det er likevel ikkje å sjå bort frå at økonomiske tilhøve har hatt innverknad på valet av byggematerialar. I lynchheimrådet måtte folk som nemnt kjøpa tømmer og transporten var lang og tungvint. I skogsbygdene var tømmer skogen ei inntektskjede for eigaren og måtte sparast på av den grunn. At Det nyttige Selskab alt sist på 1700-talet oppmuntra til å byggja i stein har også hatt sitt å seia.

Stein som byggemateriale synest ha vore særleg mykje nytta i perioden mellom 1860 og 1890. Dette kan ha fleire årsaker. For det første gjekk utskiftingane føre seg nett i denne tidsbolken. I samband med dette vart det sett igang nydyrking mange stader, noko som har frigjort ein god del materiale til steingardar og andre anlegg. Dessutan vart det vanleg å nytta dynamitt mot slutten av hundreåret, noko som gjorde tilgangen på stein lettare. Mange stader er steinane i byggverk frå 1880–90-åra større enn i eldre murar, dessutan ber materialet større preg av tiljamning enn i eldre bygningar, der steinen som oftast har si naturlege form.

Steinmurane er lagde opp i forskjellige teknikkar alt etter kva føremål dei skulle tena, dessutan er teknikkane bestemte av dei grenser for behandling materialet set. Steinane var vanlegvis ikkje tilhogne før dei vart lagde i muren. Le-murar (vernemurar på bustadhus og løer) ligg på dei sidene av bygningen som er mest utsett for drev. Dei er sett opp i to delar. (Fig. 51.) Den inste delen vart mura loddrett opp, i den yste halla steinane svakt nedover. Dette var naudsynt for at ikkje vatn skulle trengja inn i muren og sprengja han sund ved frost. Eit førebod om slik lagnad var det dersom muren byrja «slå buk», d. v. s. siga ut på midten. Mellom den ytre og den indre murveggen var det vanleg å fylla sand eller småstein som isolasjonsmateriale. For å halda dei to murdelane



saman og styrkja muren vart det med jamne mellomrom lagd inn gjennomgåande flate steinar som band. Det vart også mura slik at steinar i den indre og ytre muredelen nådde over kvarandre, slik at dei batt muren saman på det viset. Dei gjennomgåande steinane når likevel ikkje ut i fri luft, men har ein ytre stein framføre, slik at det vert eit lite luftrum mellom denne og den gjennomgåande steinen. Dette vart gjort for at ikkje den gjennomgåande steinen skulle leia kulden gjennom muren. Muren smalnar av øverst, her er mindre steinar. Etter kvart som muren vaks i høgda, måtte det nyttast ekstra hjelpemiddel for å få steinane på plass. Ein stad vart nytta sliskar smurde med grønnsåpe. På desse sliskane vart steinane drege til topps. Ein handverksmessig rett oppsett mur er vedlikehaldsfri, slepp ikkje noko vatn inn og gjev bygningsdelane innafor god isolasjon.

Stein er først og fremst nytta i driftsbygningar. Desse kan vera oppførde heilt av stein (fig. 50), men vanlegare er kombinasjonar av mur og treverk (fig. 47) eller og brakekledning.

Le-murane i bustadhusa kan i ein skilde tilfelle vera berande element i bygningskroppen, i det at sperrene kviler på stavlegjer på murverket. I mange bygningar går taket ut over murkanten. Dette har si årsak i at muren måtte haldast fri frå vass-sig ovanfrå.

Vanlegvis er le-murane sett opp som sjølvstendige einingar tett inntil tømmerveggene. Den eine, eller begge gavlveggene kan ha mur (fig. 52), men det finst også hus med vernemur rundt tre av sidene (sjå kap. I fig. 3–4). Murane ligg naturleg nok på dei mest verharde sidene av bygningen. Det fortel litt om behovet for slike murar at dei ein stad vart sette opp i ei heil tid etter at huset var ferdig bordkledd, av di regn og vind tærde så sterkt på bordtaket.

Gavlmurane på bustadhus kan vera særleg forsøggjorde, til dømes med rundbogar over vind-

daugsopningane, eller særleg markering av møne og takskjegg (fig. 53).

Ei uvanleg erstatning for steinmur er den løysinga dei valde på Kvalvåg i Lindås. Her vart søre gavlen på eit bustadhus kledd med takskifer til vern mot drevet (fig. 54). Dette eine tilfellet har sannsynlegvis si årsak i at skiferen, som frå sist på 1800-talet var eit nytt byggemateriale, var meir handterleg enn gråstein.

Vernande funksjon har også murane i jordkjellarane. Desse byggverka er vanlege i Nordhordland, men er ikkje kjende frå andre stader i Hordaland. I Austrheim, Lindås og Radøy kommunar finst dei på mest kvart einaste gardstun. Kor langt attende jordkjellarar har vore i bruk er uvisst, men det er tydeleg samanheng mellom utbreiinga av slike byggverk og potetdyrkinga.²⁴⁾ Den eldste jordkjellaren som til no er nokonlunde sikkert tidfesta står på Verås i Lindås og skal vera frå omlag 1850.

Jordkjellarane, slik dei står i dag, er bygde med tanke på lagring av poteter, og har difor fått nemninga «potekjedlar». Storleiken på kjellarane varierer med produksjonsmengda på dei ymse gardsbruka. Sume jordkjellarar har berre eit rom. Desse er dei vanlege, men det finst også tre-delte grunnplanar, «Krosskjellarar», (fig. 56). Jordkjellarane måtte helst liggja i sør- eller vestvende bakkehall, for om vinteren kom farlegaste frostvinden austanfrå.²⁵⁾

Ein riktig bygd jordkjellar er vind- og vasstett. Han er frostfri og samstundes fuktig nok til at

²⁴⁾ Den første potetdyrkaren i Lindås var Michel Larsen Hope som i 1777 vart tildelt premie på 20 rdlr. av Det nyttige Selskab i Bergen mellom anna for å ha «været den første . . . som har plantet Poteter til nytte for Bygden». Avisartikkel: Foregangsmænd Lindås og Masfjoren for halvtannet hundred aar siden», av bibliotekar W. P. Sommerfeldt.

²⁵⁾ Oppl. Karl Øvretveit.

Fig. 53. Mundal, Lindås.

Murgavl på bustadhus. Legg merke til markering av møne og takskjegg.




7.0 BYGGEMATERIALAR/STEIN



*Fig. 54. Kvalvåg, Lindås.
Bustadhus med gavlveggen kledd med takskifer til vern
mot drev.*

*Fig. 55. Hope, Lindås.
Jordkjellar med torvdekke over heile konstruksjonen.*







Fig. 56. Bergfjord, Lindås.
Grunnplan av krosskjellar (jordkjellar med tre rom).

Fig. 57. Utsylta, Radøy.
Jordkjellar med dobbel mur. A. Inngangsparti. B. Jord som isolasjonsmateriale. C. Enkel mur inn mot bakken.



7.0 BYGGEMATERIALAR/STEIN




Fig. 58. Skjematisk snitt gjennom jordkjellar.
A. Ljore. B. Steinheller i kvelvinga. C. Ytre Jordlag.

Fig. 59. Utsylta, Radøy.
Eldhus. Veggene er mura og gavlane i reisverk.





Fig. 60. Lindås.
Torvhus på fjellet Gladhaug.

matvarene ikkje tørkar opp. Desse eigenskapane gjer at potetkjellarane også er i bruk i våre dagar. Inngangspartiet har stundom doble dørar. På særskilde kalde periodar om vintrane bruka folk tidlegare sume stader å fylla mellomrommet mellom dørane med hø, eller å plassera ei gryte med torvgjør inne i kjellaren for å halda temperaturen jamn. Elles er ein forsvarleg stengd kjellar som nemnt frostsikker. Dette kjem av konstruksjonsmåten. Det skal forekoma to variantar, ein med dobbel og ein med enkel mur. Kjellarar av førstnemnde type har eit isolerande jordlag mellom den ytre og den indre muren. Her er vanlegvis berre taket og dei øvre delane av sidene torvtekte. (Fig. 45 og 57.) Det skal også finnast jordkjellarar med enkel mur, men ingen slike er sikkert dokumenterte. Nokre konstruksjonar har jord over heile yttersida. Det er mogeleg desse har enkel mur, og at det ytre jordlaget her har same funksjon som det mellomliggjande jordlaget i doble murar. (Fig. 55.)

Dei aller fleste jordkjellarane har kuppelformta tak, der ein spesiell muringsteknikk vart nytta. Teknikken er ikkje tilstrekkeleg klårlagd enno, men hovuddraga er følgjande: Først vart det lagd opp ein murfot, dobbel eller enkel, til omlag 1 meters høgde. Deretter byrja ein «trengja til», d. v. s. gjera det indre rommet smalare, ved å leggja inn heller som stakk fram over dei indre murkantane. Hellene har største tyngda inne i muren, med steinar over inste endane som ekstra sikring. Slik vart det mura lag over lag med heller og stein stadig lenger inn over kvarandre, til dess kvelvinga var ferdig. Midt i denne vart halde att ei opning til ventilasjon, «ljoren». Over det heile vart lagd torv. (Fig. 58.) Vanlegvis vart kjellarane mura utan bindemiddel. Det er vanskeleg å avgjera kor utbreidd bruken av bindemiddel var, av di så mange kjellarar seinare er blitt fuga med sement innvendig.

Frittstående eldhus er sjeldne i Nordhordland i

dag. Om tidlegare utbreiing er få opplysningar. Johan Litleskare nemner at slike hus forekom i eldre tid, men at det seinare vart vanleg å nytta gruerommet i bustadhuset som eldhus. (Sjå kap. 1.) Det er registrert svært få frittstående eldhus. Eitt av dei står på Utsylta Radøy. Det har mur rundt 3 sider. Innvendig er paneling langs eine steinveggen, og ein panelvegg vinkelrett på denne, som deler bygningen i to rom. Huset skal vera omlag 100 år. (Fig. 59.)

Der det har vore behov for fleire steinbygningar til ulike føremål på same tun, har dette førd til samanbyggingar i ulike former; til dømes jordkjellarar og brønnhus (fig. 45) eller jordkjellar og eldhus.

Enkle steinmurar med vernefunksjon gir også gardflorane døme på. Her er ikkje isolasjonsmateriale i muren, men han er tett nok til at det blir svært lite trekk i bygningen. Nokre gardflorar har tømra innervegger som ekstra isolasjon. Dei ligg som namnet fortel ved steingardane i grensa mellom inn- og utmark og er ofte samanbygde med desse. Steingardane utgjer då eine lang- eller tverrveggen i gardflore. (Fig. 61–62.) Gardflorane vart nytta som ly for sauer og kyr i beitetida. Dei er vanlege over heile Nordhordland.

Torvhusa²⁶⁾ har også enkle murar. (Fig. 60–63–64.) Dei er minne om ei vanleg ressursutnytting i Nordhordland. Torva var viktigaste brensla både i lyngheiområdet og i meir skogrike trakter. Torvtaking føregjekk i utmarka. Torva vart tørka på staden og lagra i særskilde bygningar, torvhusa. Dette har si praktiske forklaring i at torvmengda var for stor til at folk kunne frakta alt til tuns straks etter tørkinga.

Moldhusa er meir sparsamt dokumenterte. To

²⁶⁾ Det førekjem som nemnt i torvhus i tre. Dei få som enno står er sannsynlegvis yngre enn steinbygningane. Dei er lettare utsett for forfall enn bygningar av stein. Difor er det også vanskeleg å seia noko sikkert om kor stor utbreiing torvhus i tre har hatt.

7.0 BYGGEMATERIALAR/STEIN




Fig. 61. Isdal, Lindås.
Grunnplan av gardflor.

Fig. 62. Isdal, Lindås.
Gardflor i grensa inn/utmark. Steingarden utgjer eine vegg i gardflore. Sjå fig. 61.






Fig. 63. Seljelid, Lindås.
Moldhus og torvhus samanbygde.
Molda var øvre jordlaget i torvmyra. Molda vart nytta like så vel som torva, difor var det naturleg å leggja moldhusa nær ved torvskårane, der også torvhusa vart reist. Samanbygging sparde både arbeid og byggematerialar.

moldhus er registrerte, men det er opplyst at fleire har eksistert. Som nemninga fortel vart dei nytta til å lagra mold i. På Seljelid i Lindås, ligg moldhuset samanbyggt med eit torvhus. (Fig. 63–64.) Dette kjem av at molda vart teken or torvmyra. Det øvre jordlaget i torvtaket var ueigna til brense. Denne jorda vart spadd vekk og lagra i moldhusa. Seinare vart ho teken til tuns og blanda i gjødsla. Ho vart m. a. nytta til å strø i floren for at væta skulle samlast opp. Dette gjorde gjødsla drygare.

I samband med kornproduksjonen vart det på nokre gardar nytta særskilde tørkehus for kornet. Tørkehusa var mura og hadde grue med tørkehelle. (Fig. 65.) Korntørking kunne elles gå føre seg i andre hus med eldstad. Vanlegvis vart grua i bustadhuset nytta til dette, men også gardssmiene vart nytta, der slike fanst. Her var det då plassert ei tørkehelle ved avlen. (Fig. 66–67.)

Ein del kvernhus har mur på eine gavlvæggen. Murane har sjeldan konstruktiv oppgåve, men er sannsynlegvis sett opp for å verne trevirket mot væte. (Fig. 68.) Til kvernanlegg høyrer også stemmegardar (til oppdemming av vatn, fig. 69) og stundom steinslok.

Der gardssmier finst er desse vanlegvis av stein (fig. 66–67) jamvel om det førekjem innslag av trevyrke (reisverk i gavlane). I eitt tilfelle er det registrert ei tømra smie. Denne ligg i skogsdistriktet og skriv seg frå siste ti-åra av 1800-talet. Elles er ingen smier daterte. Smedarbeid førde med seg ein etter måten stor brannfare. Dette forklarar

Fig. 64. Seljelid, Lindås.
Moldhus (nærast) og torvhus samanbygde.



7.0 BYGGEMATERIALAR/STEIN



Fig. 65. Haukås, Lindås.
Korn tørkehus.

Fig. 66. Toft, Lindås.
Gårdssmie av stein. Smia vart også nytta til korn tørking. Sjå fig. 67.



7.0 BYGGEMATERIALAR/BRAKEKLEDNING

kvifor smiene er plasserte på trygg fråstand frå bustadhus og driftsbygningar. Når det vanlegvis vart nytta stein som byggemateriale, har dette truleg same årsak.

Murverk er også nytta i mange naust (fig. 71), både i lyngheiområdet og i fjordbygdene. Vanleg er ein kombinasjon av stein og trevirke. Langveggen og eine gavlen kan vera mura, medan den andre gavlveggen er bordkledd. Gavlveggen mot båtopptrekket kan også vera open, men der gavlen har dør, er han vanlegvis bordkledd.

På dei fleste steinbygningane har taket sperreverk i tre med teglstein som takdekke. Torv er sjeldan i dag, men var dominerande tidlegare. Det finst også bygningar der heile takkonstruksjonen er i stein. I eindel sauehus og staurskytjer er det lagd lange, tjukke heller som ber taket. Ovanpå desse ligg eit takdekke av mindre heller (fig. 70–72). Forutan slike bygningar finst det andre grupper steinkonstruksjonar som har samanhang med arbeidslivet i eldre tid. Med jordbruk som hovudnæring var det stort behov for å utnytta det tilgjengelege produktive arealet på ein effektiv måte. Når åkrar vart tekne opp i bratte bakkehall, vart støttemurar av nybrotstein lagde opp ved åkerreina for at ikkje åkermolda skulle skri nedover. Dermed vart åkeren lettare å arbeida på og terrenget meir lagleg når det vart atlagt til eng.²⁷⁾ Slike støttemurar, la, er vanlege over heile Nordhordland. (Fig. 73.)

Steingardar er utbreidde over heile Nordhord-

²⁷⁾ Oppl. Karl Øvretveit.




Fig. 67. Toft, Lindås.
Grunnplan av smie med korntørkehelle.

land, både i skogsdistrikta og i lyngheiområdet. Dei tener som grenseskifte mellom inn- og utmark (fig. 74), mellom teigar i innmark og som inngjerding av beiteområde. Ein avart av sistnemnde bruksmåte kan seiast å liggja i det so-kalla «Symje» ved sundet mellom øyane Lurekalven og Lygra (Luro) i Lindås. Her er mura ein steingard over eit søkk i terrenget, slik at det blir ei smal opning ut mot sundet. Anlegget vart nytta når folk jaga dyr på beite. Dyra vart drivne gjennom den smale opninga som berre sleppte eitt

Fig. 68. Eikeland, Lindås.
Kvernhus med mur i gavl og sidevegg.



7.0 BYGGEMATERIALAR/STEIN



Fig. 69. Hopland, Austreim.
Stemmegard.

Fig. 70. Eikeland, Lindås.
Sauehus i utmark. Skjematisk snitt.



om gongen, ut i sjøen. Dyra måtte symja over sundet. Dette har gitt anlegget namn.

Steingardane vart mura av materiale som var for handa, ofte stein frå nybrot. Dei var lagde i tørrmur, d. v. s. utan bindemiddel, noko som gjeld dei fleste eldre murar. Dimensjonane på steingardane kan variera, alt etter kor rikeleg med stein det var på staden. Det kunne vera eit langdrygt arbeid å mura steingardar, difor er det ikkje å undrast over at gardbrukarane stundom sette arbeidet ut på akkord til folk som tok på seg slike oppgåver. Eit steingardsanlegg på Isdal i Lindås skal såleis vera sett opp av omreisande svenskar som levde av slikt forefallende arbeid.

Tidlegare forekom gardar av anna materiale enn stein. Det var vanleg å leggja opp både risgardar og torvgardar. Risgardane var eit slag skigardar som var tredde med småbjørk, brake eller anna vyrke som fanst på staden.²⁸⁾ Risgardar kunne også forekoma i samband med steingardar på det viset at garden stykkjevis var mura og stykkjevis var tredd. Ein slik gard fanst på Bergfjord i Lindås.²⁹⁾

²⁸⁾ Oppl. av Kaare Hartveit.

²⁹⁾ Oppl. av Anders H. Bergfjord.



*Fig. 71. Tvibergnes, Lindås.
Båtnaust mura i stein.*

*Fig. 72. Eikeland, Lindås.
Sauehus i utmark. Merk dei massive steinhellene. Sjå
fig. 70.*



7.0 BYGGEMATERIALAR/STEIN




Fig. 73. Toft, Lindås.
Støttemurar. (la)

Fig. 74. Håland, Lindås.
Steingard i skiftet inn/utmark.



Risgardar var lettare å leggja opp enn både stein- og torvgardar. Torvgardar fanst tidlegare over heile Nordhordland, vaniegvís der det var vanskeleg å finna høveleg risvyrke eller stein. Torvgardane krov meire arbeid å leggja opp enn risgardane, men var meire lettvinde å byggja enn steingardar. Torvgardar vart helst lagde opp i myrlende der det var godt om torv og mjukt nok underlag til at dei kunne få godt feste og liggja støtt. Slike stader var for blaute til å bera steingardar. På både sider av torvgardane vart det ei senking der torva vart teken opp. Dette skapte ekstra høgde til torvgarden.

Både torvgardar og risgardar vart nytta til inngjerdsle av beiteområde og i skifte mellom eigedomar. Dessutan vart dei sette opp som vernegardar, bægje.³⁰⁾ Torvgardane låg støare enn steingardane, men forvitra etter måten snøgt. Det same var tilfelle med risgardane. Dette forklarar kvifor slike gjerde så godt som alle er borte i dag.

Ein del steinkonstruksjonar er knytte til dei gamle ferdslevegane. Til denne gruppa høyrer vad og bruer. Eit vad er lagd over ei myr på den gamle sjøvegen til Leivestadgardane i Lindås (fig. 75). Ved sørenden av øya Lygra i Lindås fører ei bru mura i boge over eit smalt sund til ei øy tett ved. (Fig. 76.) Ho vart nytta når sauene vart jaga på beite til denne øya. Her er steingard som tente som stengsle for dyra. Heile anlegget minner om det før omtala «Symje» nord på Lygra.

I tillegg til desse anlegga er det registrert steinkonstruksjonar som må ha hatt sitt opphav i aktivitetar knytte til sjøen. Den opprinnelege bruken er ikkje kjend, heller ikkje alderen på anlegga. Ved indre enden av Kjevikje, ein smal våg nær Seim, ligg ein mur som går over størsteparten av breidda på vågen og sperrar av ei grunn vik innafør. Det kan sjå ut som om muren har hatt samanheng med fangst av fisk på det viset at fisken vart jaga inn gjennom den tronge openinga. Sidan stengde ein att og sikra seg fangsten. (Fig. 77.)

På øya Børilden i Austrheim ligg tre steinbygningar som kan minna om primitive fangst- eller veidebuer. To av dei er på menneskestorleik og skap. Den tredje er sirkelrund og omlag tre meter i diameter. Bygningane ligg tett ved ein grunn våg som ser ut til å ha vorte renska rein for stein. Ein del av steinane ser ut til å ha vore nytta som byggemateriale. Ingen lokale informantar kan i dag forklara funksjonen desse anlegga har hatt. Det er mogeleg dei vart nytta som krypinn for fiskarar i eldre tid. Lægjet ved vågen, som er ei god hamn, skulle tala for dette; likeeins den korte avstanden ut til fiskeplassane.

Steinkonstruksjonane er som nemnt eit særkjenne ved byggeskikken i Nordhordland. Eindel årsakstilhøve er peika på ovanfor. I tillegg må nemnast at bruken av stein kan ha vore ein konvensjon i eit miljø prega av nedarva tradisjon i levemåte og driftsformer. Det er rimeleg å tru at tradisjonen å byggja i stein går like langt attende som dei driftsformene dei ymse steinbygningane har sitt utspring i. Noko bakre datering kan ikkje gjevast. Dei registrerte steinbygningane som er tidfesta er ikkje eldre enn 1800-talet. Skikken å mura i naturstein heldt seg like fram til tida omkring 1. verdskrigen.

³⁰⁾ Oppl. av Kaare Hartveit.




Fig. 75. Vad over myr på sjøvegen til Leivestadgardane i Lindås.




Fig. 76. Bru ved Lygra, Lindås. Steingarden til høgre tente som stengsle for beitedyra.



Fig. 77. Stengsle for fisk (?) Kjevikje ved Seim.

7.0 BYGGEMATERIALAR/BRAKEKLEDNING

BRAKEKLEDNING

Registrert utbreiing 1972






Fig. 78. Smørdal, Lindås.
Flor med brakekledning som isolasjon utanpå tømmeret.

7.3 Brakekledning.

Ved sida av stein har brake³¹⁾ i stor utstrekning vore nytta som byggemateriale i Nordhordland. Det er registrert 27 bygningar der brakekledning anten er intakt eller har vore nytta. 25 av desse ligg i Lindås kommune, med ein tydeleg konsentrasjon til området ved Osterfjorden (sjå kart s. 50). Det er på Osterøya det i dag finst flest brakekledde bygningar, men dei har vore utbreidde over eit langt større område enn forekomsten i dag gir inntrykk av. Utanom Lindås og Osterøy kommunar finst spreidde forekomstar av brakekledning i Fana, Masfjorden, Samnanger og Åsane. Elles er brakekledning kjend frå Sunnfjord og Agder.

Når Osterøya i dag kan seiast å vera eit kjerneområde for brakekledning i Hordaland, er det av di denne typen kledning er bevart på fleire bygningar her enn nokon annan stad i fylket. Årsaka til dette er ikkje klårlagd. Det kan ha samanheng med at behovet for å skifta kledning ikkje har vore til stades i like stor grad her som i andre distrikt, slik at nyare typar veggkledning ikkje har erstatta braken. Dels kan det også vera ei følgje av konvensjonar i byggjeskikken i området.

Som vi har sett vart brake nytta i risgardane, av bygningar var det vanlegvis uthusa som fekk brakekledning. Mellom dei registrerte einingane dominerer løene med 25 av 27 bygningar. Elles er det registrert eitt kvernhus med brakekledning og eitt bustadhus der gruerommet opprinneleg var brakekledd.

Til skilnad frå tømmer og stein er ikkje brakekledninga noko berande element i bygningskonstruksjonen, men som nemninga fortel, ei form for veggkledning. Med sitt tette nåleris verkar

braken både isolerande og ventilerande. Nett desse to eigenskapane gjer brakekledning vel-eigna på løer. Kledninga slepp luft gjennom, medan ho er tett nok til at regn og snødrev ikkje trengjer inn. Dermed held høyet seg turt. Ifølgje informantane er dette viktigaste grunnen til at brakekledning vart nytta. Dessuten er ho lettare i vekt enn bordkledninga, og veggen difor mindre utsett for siging.

I ein artikkel om dette emnet peikar Halvor Vreim på desse eigenskapane.³²⁾ Han hevdar vidare at brake er meir varig enn bordkledning i det fuktige Vestlandsklimaet. Ein brakevegg tredd på rette måten har ein levealder på gjennomsnittleg 50–60 år, medan umåla bordkledning må skiftast ut etter kortare tid. Av same grunn er brakekledninga gjerne nytta på dei sidene av bygningen som er mest utsett for drev. Den isolerande eigenskapen har førd til at brakekledning sume stader er lagd utanpå tømmerveggene i floren som erstatning for bordtak. (Fig. 78.) Elles har vanlegvis løa brakekledning, men slik kledning er også nytta på kvernhus. (Bergås, Lindås fig. 79–80.)

Når det gjeld bustadhus finst døme frå distrikt utanom Nordhordland på brake som isolasjonsmateriale. Her er ikkje braken nytta som kledning, men lagd mellom tømmervegg og bordkledning utan fletting. I Nordhordland er det berre registrert eitt tilfelle av brakekledning på bustadhus på Soltveit, Radøy, hadde gruerommet opprinneleg brakekledde vegger. Dette tilfellet må seiast å vera einståande, sett på bakgrunn av det andre innsamla materialet frå Nordhordland.

³⁰⁾ Også kalla «sprakje» (Nordhordland), elles «brakje».

³²⁾ Halvor Vreim Faskarløer og «brakekledning». Art. i Årbok for Univ. oldsaksamling, Oslo 1935.

7.0 BYGGEMATERIALAR/BRAKEKLEDNING





Fig. 79. Bergås, Lindås.
Kvernhus med brakekledd vegg. A. Mur. B. Vasshjul. C.
Brakekledning. D. Tømmer.

Fig. 80. Bergås, Lindås.
Kvernhus som fig. 79.






Fig. 81. Eide, Ytre Lindås.
Løe med brakekledning. Her er nytta armeringsjern i staden for trestøer.

Brakekledninga vart lagd i ein særskild flettverksteknikk.³³⁾ Utanpå stavverket i bygningen vart festa lange, horisontalt liggjande trestenger, lekter, med eit handgreps (18–22 cm) mellomrom. Braken tredde dei ved å stikka kvistane nedanfrå og oppover, slik at kvar kvistlengde vart liggjande innafor nedste og utanfor øverste lekta. (Fig. 82.) Braken som skulle nyttast vart kvista i øvre enden for at han skulle bli lettare å tre. I nedre enden måtte det vera ein tjukk dusk av nåleris. Dette skulle hindra vatnet frå å trengja gjennom veggen. Kvar ny dusk vart liggjande over dusken nedanfor slik at dei dekkja veggen omlag som skiferheller er lagde på eit tak. For å få kledninga ekstra tett vart det fylt med småbrake og avkvista brakeris mellom kvart tredd lag med brakedu-skar.


Det var viktig å pakka kledninga godt for at ikkje nålene skulle falla av. Difor vart kledninga slegen tett saman frå midten og mot sidene, medan det vart fylt i brakeris til dess midten var dekkja. Etter at treinga var ferdig, vart yttersida sletta med ljà eller sigd.

I ei løe på Ytre Eide, Lindås, vart nytta tynne stenger av armeringsjern i staden for lekter. Dette er eit eineståande tilfelle av materialvalg. Det vart gjort for å styrkja veggflatene og gjera kledninga tettare. (Fig. 81.)

Vi kan spørja kvifor brakekledning har hatt – og framleis har – etter måten stor utbreiing i Nordhordland. Har det samanheng med mangel på trevyrke, noko Vreim m. a. hevdar? Var det praktiske fordelar, eller kanskje gamal byggetradi-

³³⁾ Opplyst av Kaare Hartveit.

Fig. 82. Skjematisk snitt gjennom brakekledning. A. Stav. B. Lekte. C. Fyllmasse (avkvista brakeris). D. Brakegrein med kost av nåleris.



7.0 BYGGEMATERIALAR/BRAKEKLEDNING

sjon som avgjorde valet, eller har det samanheng med økonomien til byggherren? Kanhenda ligg det bak ein kombinasjon av fleire slike årsaker?

Det kan ikkje gjevast eitt svar på desse spørsmåla. Med omsyn til problemet tilgang på tømmer i forhold til brake, er det uvisst om lett tilgang på trevyrke har vore avgjerande for val av brake eller ikkje. Det er i så måte påfallande at langt dei fleste eksisterande brakeveggene ligg i det forholdsvis skogrike området, medan lyngheibygdene så godt som ikkje har brakekleddede bygningar. Det er heller ikkje noko som tyder på av bygningar i lyngheilandskapet har fått kledninga oftare skifta enn husa i skogområda. Sjansane for at eventuell brakekledning kan ha blitt erstatta med andre materialar er difor små.

Brakekledning har som nemnt fleire praktiske fordelar framfor bordkledning. Dette har vore med å avgjera materialvalet fleire stader. Når ikkje brake er nytta i særleg stor utstrekning i lyngheiområdet, kan det ha samanheng med vekstsonene for braken. Det er mogeleg at det fanst mindre brake her, men dette veit ein enno for lite om til å kunna seia noko avgjerande.

Ut frå materialet som ligg til grunn for denne framstillinga ser det ut som om brakekledninga i Nordhordland er ein tradisjonsbunden byggeskikk som i einskilde distrikt er halden ved lag av praktisk-økonomiske omsyn, medan andre bygdelag av ukjende grunnar ikkje har nytta denne forma for kledning.

Dei eldste registrerte brakeveggene skriv seg frå 1870–80-åra. Allmenn bruk av brakekledning synest ha teke sterkt av etter hundreårsskiftet, men i nokre få tilfelle har det vore nytta brake så seint som ut i 1920-åra. (Løa på Ytre Eide, fig. 81 ovanfor.)

Det er klart at bruken av dette kledningsmaterialet ikkje brått har oppstått på 1800-talet. Det må ligga ein lengre brukstradisjon bak. Vreim hevdar at brakekledning har røter tilbake til førhistorisk tid i Sentraleuropa. Jamvel om det ikkje her i landet finst grunnlag for så tidleg datering, kan ein gå ut frå at denne måten å kle veggene på «må gå tilbake på eldre – ja meget gamle byggemåter som nu er ukjent for oss ...»³⁴⁾.

³⁴⁾ Vreim s. 142.





Fig. 83. Eikeland, Lindås. Steingard. Garden er lagd i ein bratt bakke. Merk muringsteknikken.



Litteraturliste

- Arne Berg: Sveitserstilen på bygdene. Syn og Segn. 1947.
» » : Byggjeskikken i Stjørdalsbygdene. Særtrykk av Stjørdalsboka Bind I Del II.
- Gunnar Bjerke: Landsbebyggelsen i Norge. Bind 1 og 2. Oslo 1950.
- Kristian Bjerknes: Gamle borgerhus i Bergen. Bergen 1961.
- Anders Kåre Engevik: Kulturminner i Nordhordland. Frå Fjon til Fusa. 1973.
- Thorb. Frølich: Fjon eller Masfjorden. Kristiania 1924.
- Per Gjærder: Norske sove- og forrådshus i europeisk belysning. Bergen Museums årbok 1953.
- Roar Hauglid: Peisens innføring på bygdene i Norge. Fortidsfor. årbok 1951/52.
» » : Mer om hus, peis og billedvev. Fortidsfor. årbok 1955.
- Marta Hoffmann: Jærhuset. By og Bygd. 1944.
- Gunnar Jahn: Byggeskikk på den norske landsbygd. Oslo 1924.
- Robert Kloster: Ildstedform og ljoretype. Fortidsfor. årbok 1946.
» » : Vestnorsk bygdekunst. Bergen museums årbok 1937.
- Robert Kloster og Borghild A. Frimannslund: Innberetning om Kulturgeografisk Registrering på Vestlandet. Bergens Museums Årbok 1943.
- Johan Litleskare: Gamle bunadshus i Nordhordland. Årbok for Nord- og Midthordland Sogelag 1918–24.
- Gisle Midttun: Gardar, hus og husbunad. Norske bygder. Vest-Agder II.
- Jan Henrik Munksgaard: Gamle handels- og gjestgiversteder på Vestlandet. Del 1. (Fylkeskonser- vatoren i Hordaland, Hist. museum. Bergen 1973.)
» » » : Kulturminner i Lindås del 1. (Fylkesk. i Hordaland. Bergen 1971.)
- Torolf Thistel Rafto: Bergen og omland 1840–1870 et omskifte. Bergens hist. forenings skrifter nr. 59 1953.
- Håvard Skirbekk: Hus og tun. Glomdalsmuseet 1963.
- Eilert Sundt: Bygningskik paa Bygderne i Norge. Kra. 1900.
- G. Tanberg: Bygningsvæsen paa Landet. Kristiania 1890.
- Halvor Vreim: Faskarløer og brakekledning. Årbok for universitetets oldsaksamling. Oslo 1935.

Copyright © Fylkeskonservatoren i Hordaland 1975.
1. opplag. 1975 2 000 eksemplarer.

*Denne rapporten er trykt med tilskott frå Miljøverndepartementet
og Norges Almenvitenskapelige Forskningsråd.*

REKLAMETRYKK A.S. - BERGEN